



Årsrapport for tilsyn 2016

Jan Henning L'Abée-Lund, Thor Martin Neurauter, Tale Helen Seldal

24
2017



R
A
P
P
O
R
T

Rapport nr 24-2017

Årsrapport for tilsyn 2016

Utgitt av: Norges vassdrags- og energidirektorat
Redaktør: Jan Henning L'Abée-Lund, Hanne Nordang Solum
Forfattarar: Jan Henning L'Abée-Lund, Thor Martin Neurauter, Tale Helen Seldal, Synnøve Lill Paulen

Trykk: NVEs hustrykkeri
Opplag: 50
Forsidefoto: NVE
ISBN 978-82-410-1576-2
ISSN 1501-2832

Samandrag: Rapporten gir ei oversikt over tilsyns- og reaksjonsverksemda til NVE i 2016

Emneord, nynorsk: Kontroll, kontrollmetodar, tilsyn, revisjon, inspeksjon, reaksjon, avvik

Emneord, bokmål:

Norges vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
Internett: www.nve.no

Mars 2017



Vatnvegetasjon i Ekso

Innhald

Forord	s. 7
Kapittel 1. Tilsynsverksemda til NVE	s. 8
Kapittel 2. Hovudfunn	s. 12
Kapittel 3. Dynamikken i samspelet mellom ulike kontrollmetodar	s. 18
Kapittel 4. Ulike reaksjonar ved brot	s. 22
Kapittel 5. Gjennomgang av tilsynsområda i NVE	s. 27
A Vassdrag	
5.1 Tryggleiken ved dammar og andre vassdragsanlegg	s. 27
5.2 Miljøkrav ved bygging og drift av vassdragsanlegg	s. 28
B Energiforsyning	
5.3 Kraftforsyningsberedskap	s. 30
5.4 Overføringsanlegg - drift og vedlikehald	s. 31
5.5 Fjernvarmeanlegg	s. 32
5.6 Kraftsystemutgreiingar	s. 33
5.7 Rasjoneringsplanar	s. 33
5.8 Statnett si utøving av systemansvaret	s. 34
5.9 Kraftmarknadsåtferd	s. 35

5.10 Marknads plass for kraftomsetning	s. 35
5.11 Utanlandshandel	s. 36
5.12 Tariffering/nettleige, anleggsbidrag og tilknytingsplikt	s. 37
5.13 Økonomisk og teknisk rapportering	s. 38
5.14 Leveringskvalitet og feilanalyse	s. 40
5.15 Elsertifikat	s. 41
5.16 Prising av sertifikatkostnader i sluttbrukarmarknaden	s. 42
5.17 Sikkerheit i avanserte måle- og styringssystem (AMS)	s. 42
5.18 Miljøtilsyn ved energianlegg	s. 43
C Energimerking og energibruk	
5.19 Energimerking av bygn. og energivurd. av tekn. anl. i bygn.	s. 44
5.20 Energimerking av produkt	s. 46
Kapittel 6. Omgrepa avvik og merknader	s. 49
Kapittel 7. Heimlar og tilsynsgrunnlag i 2016	s. 50

Forord

NVE sine tilsyn er med på å sikre at norske dammar er trygge, at straumen vert levert til kundane, at ein ikkje betalar meir enn ein skal i nettleige og at ein tek omsyn til miljø og natur når ny kraft skal byggast ut. For å nemne noko.

Totalt har NVE kontrollansvar for 23 fagområde innan vatn- og energisektoren. I 2016 vart det utført kontrollar på 20 av desse områda. Områda er svært ulike og vert følgt opp av ulike fagmiljø med ulike spisskompetanse i NVE. Mange i NVE har tilsynsoppgåver som ein integrert del av jobben sin, og det vert utført tilsynsoppgåver ved alle av NVEs fem regionkontor og ved hovudkontoret i Oslo. Tilsyna til NVE ser til at krav i regelverk, vedtak og konsesjonar vert følgde. Det kan gje betydeleg skade på samfunnsverdiar dersom aktørane ikkje følger dei krav som er sett. Vert det oppdaga avvik fører dette til ein reaksjon. I 2016 varsla NVE 211 reaksjonar og gjorde 117 vedtak om bruk av reaksjonar.

Det er eit stort volum på NVEs tilsynsaktivitetar, og vi nyttar eit breitt spekter av kontrollmetodar. Til dømes var vi i 2016 ute på 429 inspeksjonar ved dammar og andre vassdragsanlegg, gjorde over 100 revisjonar hos verksemder, handsama 959 enkeltvedtak knytt til damtryggleik og gjorde 46 inspeksjonar på vindkraftanlegg og kraftledningar under bygging. I tillegg fekk vi kontrollert 40 yrkesbygg for å følgje opp energiattesten (og fann ut at 55 prosent vil få varsel om retting og vurdering av tvangsmulkt) og kontrollerte nettsidene til 110 nettselskap for å sjå til at dei ikkje prioriterer eigen kraftproduksjon og korleis dei presenterer prisen på elsertifikat. NVE kontrollerer også data frå 445 dameigarar som årleg rapporterer inn nøkkelinformasjon om dammane og frå 342 energiselskap som årleg innrapporterer inn tekniske og økonomiske data gjennom eRapp. Kvar veke vert innrapportert vasstand for om lag 500 reguleringsmagasin kontrollert.

NVE ser det som nødvendig å bruke mykje ressursar på tilsyn og annan oppfølging av sektoren. Spesielt er det viktig å følgje opp tett i periodar med stor aktivitet, slik som i 2016 med mange vassdrags- og energianlegg under bygging.

Denne rapporten skal gje vassdrags- og energibransjen, forbrukarar, myndigheiter, politikarar og andre interesserte innsikt i den samla tilsynsaktiviteten i NVE. Å formidle kva vi gjer og kva vi finn gjennom tilsynsarbeidet er med på å styrke effekten av det vi gjer.

Oslo mars 2017



Per Sanderud
vassdrags- og energidirektør

1. Tilsynsverksemda til NVE

Tilsyn er ei viktig myndigheitsrolle. NVE har eit vidtrekkande kontrollansvar innanfor sentrale samfunnsområde. Tilsynet må ha autoritet og vere profesjonelt. I NVE jobbar vi systematisk for at desse premissane skal vere til stades i all tilsynsverksemd.

1.1 Tilsyn - ein integrert del av NVE si verksemd

Overordna mål med tilsyn er å sikre at aktørane etterlever krava i regelverk og vedtak. Tilsyn er ein viktig del av den totale reguleringa av energisektoren, og utfyller dei andre verkemidla NVE har. NVE brukar både direkteregulering (gjennom spesifikke krav) og insentivregulering (gjennom mål). Eit tilsyn føreset at det ligg føre definerte krav som det kan kontrollerast opp mot.

Tilsyn er i NVE sine styrande dokument definert som eit felles omgrep for kontrollverksemd og reaksjonsbruk. Ein konkret kontrollerande aktivitet blir retta mot den enkelte verksemd si etterleving av krav, og blir følgt opp med relevant reaksjon dersom avvik blir dokumentert. Det er i første rekke denne kontrollaktiviteten som er tema i denne rapporten.

NVE har likevel eit breiare oppfølgingsansvar ovanfor aktørane på vassdrags- og energi-sektoren enn berre kontroll og reaksjon. Også andre typar oppfølging av verksemdene har som føremål å sikre at krav sett i konsesjonar eller regelverk blir følgde. Eit døme på slik oppfølging er at NVE godkjenner detaljerte planar for miljø og landskap ved bygging av vassdrags- og energianlegg for å sikre at tiltaket er utført innanfor rammene i konsesjonen. NVE sine planvedtak erstattar kommunal byggesakshandsaming av anlegga. Andre døme er at NVE tek imot ulike rapportar og planar frå aktørane til

gjennomgang og eventuell godkjenning, for eksempel kraftsystemutgreiingar (KSU) og flaumberekningar. Vidare er det slik at ved større utfall i straumforsyninga skal kraftselskapa sende inn ein rapport i ettertid, der årsaken til hendinga og selskapet si handtering skal beskrivast. Både gjennom økonomisk og teknisk rapportering og rapporteringsordninga for dammar, får NVE inn viktig informasjon frå aktørane kvart einaste år. På nokre tilsynsområde har NVE ein tett og direkte dialog med verksemdene. Dette gjeld særleg der det er ei eller berre nokre få verksemdar som skal kontrollerast, slik tilfellet er ved tilsyn med Statnett som systemansvarleg eller NordPool. Innsendingskrav, godkjenningsordningar og direktedialog vil, saman med kontrollaktiviteten, utgjere den samla oppfølginga av aktørane og tiltaka på vassdrags- og energisektoren. For å synleggjere samanhengen og breidda i oppfølginga er også slike aktivitetar omtala i denne rapporten, men ikkje i så stort omfang som kontrollverksemda.

Ein viktig gevinst av tilsyn er at aktørane opplever at det løner seg å etterleve krava som er sett i regelverk og vedtak. Gjennom ulike kontrollar blir det klart om krava som er sett faktisk blir følgt av den einskilde aktør. Viss ikkje dette er tilfelle, blir det følgt opp.

Like viktig er det at tilsynet gir breiare kunnskap om tilhøva og utviklinga innanfor eit fagområde. Dette gir grunnlag for å vurdere om krava har ein ønska effekt, eller om innhaldet eller innretninga på krava bør endrast. Dette har vi omtala særskilt i kapittel 3. Slik kunnskap er også

naudsynt i NVE si rolle som sektormyndigheit og fagleg rådgjevar for OED og andre myndigheiter. Områdeovervaking av alle aktørane på eit område eller utviklinga på feltet er ein implisitt del av NVE sitt ansvar på alle dei områda vi har tilsynsansvar. Eit godt og tilstrekkeleg omfattande tilsyn er ei heilt sentral kjelde til den kunnskapen NVE og OED treng å ha for å styre og følgje opp utviklinga innanfor dei mange fagfelta på vassdrags- og energisektoren.

Kunnskapsgevinsten av tilsyn innanfor eit fagområde føreset eit visst volum på tilsynsverksemda. Med så mange verksemdar er det ei utfordring. Til dømes er over 920 dameigarar omfatta, av desse er mange kommunar, ca. 750 vasskraftverksemdar og ca. 230 settefiskverksemdar er underlagt miljøtilsyn. Om lag 170 nettselskap og ca. 90 fjernvarmeselskap blir følgd opp etter ulike forskrifter heimla i energilova. Samla sett eig desse ca 10000 anlegg. NVE fører også tilsyn med energimerking av bygg og produkt. Tilsynsobjekta her er importørar, produsentar og leverandørar av produkt og utstyr, og eigarar av bygg og bustader. Det er ikkje mogleg å følgje opp alle desse aktørane tett. Valet av tilsynsobjekt er difor risikobasert og tek omsyn til mellom anna risiko for følgjane av alvorlege brot, tidlegare historie om verksemda eller kontrolltema og uønska hendingar i seinare tid. Også størrelse og type føretak blir teke omsyn til.

1.2 Kontrollar - korleis gjer vi det

Det har vore endringar dei seinare åra på områda som NVE kontrollerar. For få år sidan rapporterte NVE på 27 område. I år har NVE gjort kontrollar på 20 av i alt 23 tilsynsområde. Denne endringa skuldast fleire forhold. Kompetanseforskrifta, lokale energiutgreiingar og energieffektivitet i energiintensiv industri er avvikla. Energy Star og økodesign inngår i energimerking av produkt.

Samstundes vart sikkerheit i avanserte måle- og styresystem (AMS) inkludert blant NVE sine kontrollområde i 2016. For områda opphavsgarantiar, regulerkraftavrekning og gassanlegg nedstraums vart det ikkje ført kontroll i 2016.

NVE brukar mange kontrollmetodar. Metodevalet blir tilpassa det einskilde tilsynet med omsyn på effektivitet og kor generelt eller spesifikt ein ønskjer at tilsynet skal vere. Dei viktigaste kontrollmetodane NVE bruker, er revisjonar og inspeksjonar. Desse er kontrollar som er uavhengige, dokumenterte og blir gjennomført ute hos verksemdene eller på anlegga. Mens revisjon er ein systematisk gjennomgang av dokumentasjon og krav retta mot ei verksemd, er ein inspeksjon ein fysisk, stadleg kontroll av anlegg, opplysingar eller system. Inspeksjonar i felt er den kontrollmetoden vi nyttar oftast. NVE nyttar også andre metodar, som laboratorietesting av kvitevarer, kartlegging retta mot fleire aktørar samtidig ved hjelp av spørjeundersøkingar, skriftleg tilsyn, gjennomgang av aktørane sine nettsider, samanstilling av innhenta eller innrapportert dokumentasjon, eller opplysningar frå aktørane som NVE har motteke i ulike samanhenger, totalt over 600 i 2016.

Erfaringa vår er at variasjonen i val av kontrollmetode er føremålstenleg og naudsynt for å kunne kontrollere eit tilstrekkeleg tal på aktørar innanfor dei ressursane vi har. Revisjonar er den grundigaste og mest ressurskrevjande metoden, men er samstundes den metoden som går mest i detalj og gir det beste biletet av status i verksemda. Denne er basert på at verksemda på førehand sender dokumentasjonen som er etterspurt til NVE, og vil vere grunnlag for kontroll. NVE går gjennom denne og førebur spørsmål innanfor det feltet revisjonen gjeld. Gjennom intervju kontrollerer NVE i kor stor grad verksemda etterlever dei krava som gjeld innanfor det aktuelle temaet. Ein revisjon vil likevel ikkje kunne avdekke at alle krav

blir etterlevd. Dette gjeld til dømes krav om minstevassføring, som blir omtalt under kapittel 2.1.

Ved stadlege inspeksjonar blir konsesjonen eller anna løyve sjekka ut i felt. Krav kan også bli sjekka ut med skrivebordskontroll. Då vil kontrollen bli utført på materiale som er innsendt, rapportert eller som er tilgjengeleg på nettet. Desse tre kontrollmetodane kan nyttast på alle dei tre hovudområda.

Den samla tilsynsverksemda syter for at vi kvart år fører kontroll med svært mange aktørar innanfor vassdrags- og energisektoren. Ut i frå den høge aktiviteten på området, ser vi det som heilt naudsynt at NVE for tida bruker mykje ressursar på tilsyn og anna oppfølging av aktørane.

1.3 Reaksjonar - kva gjer vi ved avvik

Reaksjonar er eit felles omgrep for dei handlingane og verkemidla NVE kan nytte når det blir konstatert brot på regelverkskrav eller vedtak NVE har fatta. Reaksjonsmidlane NVE forvaltar er i hovudsak heimla i energilova, vassressurslova og vassdragsreguleringslova. Vedtak om ein reaksjon kan for eksempel innebere at ulovlege tilhøve skal rettast opp. Eit slikt vedtak blir ofte kombinert med tvangsmulkt for å syte for at retting blir gjort innanfor rimeleg tid. Lovbrotsgjbyr og melding til politiet er dei sterkaste reaksjonsmidla NVE rår over, i tillegg til at konsesjonar og andre løyve og godkjenningar kan trekkast tilbake.

Alvorlege brot på regelverket eller andre myndigheitskrav blir avdekkja på mange måtar. Oftast skjer det ved NVE sin kontroll på staden, men kan også avdekkast i etterkant av ulykker eller andre alvorlege hendingar,

gjennom sakshandsaming av søknadar, eller ved gjennomgang av innsende opplysningar og data. Det hender også at det er tips frå allmenta eller andre forvaltningsorgan som gjer at alvorlege brot blir oppdaga.

Kontroll og reaksjonar må spele saman for å sikre at dei krava myndigheitene har sett gjennom regelverk og vedtak blir følgde av aktørane. Bruk av reaksjonar er naudsynt for å sikre at dei krav som er sett blir etterlevd. Dersom brot som blir oppdaga ikkje får konsekvensar, vil det svekke etterlevinga. At brot blir følgt opp er viktig av omsyn til dei aktørane som følgjer krava, elles svekkast tilliten til heile styringa med sektoren. Nokre typar brot er dessutan økonomisk sett svært lønnsame. NVE har dei seinare åra lagt vekt på å nytte formelle reaksjonar der vi avdekker brot og særleg der brota har gitt høg økonomisk forteneste.

1.4 Koordinering av tilsyn i NVE

I 2016 har NVE gjort kontroll på 20 område. Desse tilsynsområda blir følgt opp av tre fagavdelingar i NVE. Dette krev koordinering. Difor er det etablert ei intern gruppe som syter for koordinering av tilsynsverksemda, og ei anna intern gruppe som gjev råd til fagavdelingane i reaksjonssaker. Det blir utarbeida ein samla revisjonsplan og ein samla handlingsplan årleg, der prioriterte kontrolltema går fram. Handlingsplanen er å finne på www.nve.no. For å sikre at kontrollmetodar blir utført likt og at reaksjonar blir nytta korrekt, er det utarbeida ei felles prosedyre for alle tilsynsområda i NVE. Denne vart justert i 2016 som følgje av innspel etter bruk. Årleg blir det arrangert eit internt tilsynskurs for nyttilsette og andre som ønskjer ei oppfrisking.

1.5 Samarbeid med andre tilsynsorgan

NVE og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har oppretta eit felles tilsynsforum. I 2016 har NVE og DSB mellom anna hatt 3 samtidige tilsyn. NVE har også hatt samtidig tilsyn med Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM).

NVE samarbeider dessutan med Konkurransetilsynet og Finanstilsynet om tilsyn med kraftmarknaden, og Miljødirektoratet og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) om tilsyn med energibruk. NVE deltek i Nasjonalt miljøforum, som har representantar frå Økokrim, Riksadvokaten og ulike tilsynsorgan. Forumet fokuserer på bruk av reaksjonar ved brot på miljølovgevinga. Arbeid innanfor alle desse samarbeidsorgana gir gode høve til deling av erfaring og kunnskap.



Vindmøller på Smøla

2. Hovudfunn

Tilsynsverksemda i 2016 er delt inn i dei tre hovudkategoriane vassdraganlegg, energiforsyning og energibruk. Nedanfor er det gitt ein omtale av tilsynsverksemda innanfor desse tre kategoriane, slik at det einskilde tilsynsområdet kan sjåast i ein større samanheng. NVE rapporterer på 20 ulike tilsynsområde i 2016. Aktiviteten på dei einskilde tilsynsområda er omhandla i kapittel 5.

2.1 Vassdrag

Damtryggleik og miljø

Tilsynsverksemda er prega av stor byggeaktivitet dei seinare åra, både nybygging av mindre kraftverk og ombygging av dammar. NVE er tett på anlegga i byggefasen fordi ein i denne fasen best kan sikre at krava til anlegga blir følgt i praksis. Aktiviteten går no litt ned, noko som gjer at vi kan føre meir tilsyn med idriftsette anlegg framover.

I 2016 har NVE gjennomført 25 revisjonar av eigarar av vassdragsanlegg. Tal er på same nivå som i 2015. Rapportane frå desse revisjonane er tilgjengelege på NVE si side på internett. Fleire av revisjonane var meir spesifikt retta mot eit hovudtema enn tidlegare praksis. Fem revisjonar tok føre seg den generelle internkontrollen. Beredskap var hovudfokus i fem revisjonar, ein var retta mot anlegg under bygging, krav knytt til registreringar og avvikshandtering var fokus i fire revisjonar. Minstevassføring, farar og problem var tema i ti revisjonar.

Revisjonane fordelte seg på 17 vasskraftverksemdar, 4 settefiskverksemdar, 3 kommunar og 1 reguleringsforening. Det vart til saman avdekt 57 avvik og gjort 55 merknader. Dei gjennomførte revisjonane viser at det er rom for betring. I ei tid med aukande behov for beredskapsplanar, er det urovekkande at revisjonane avdekkar manglar i slike planar og at øving ikkje har vore gjennomført. Det er også urovekkande at verksemdar som har

vore revidert fleire gongar framleis har brot på det same kravet i internkontrollforskrifta. Fem revisjonar vart gjennomført i kraftverk knytt til nasjonale laksevassdrag. Desse fem revisjonane viser at det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til miljøverdiane i vassdraga. Eit av settefiskverksemdene kunne ikkje dokumentere at krava til vassforbruk og slepp av minstevassføring var i samsvar med krava. Etter NVE si vurdering er det difor naudsynt med tett oppfølging frå NVE.

Det har i tillegg blitt gjennomført 431 stadlege inspeksjonar. Av dei var 184 inspeksjonar av dammar i konsekvensklasse 1 og 2, 84 i dei to høgste konsekvensklassane, og 163 inspeksjonar av vassdragsanlegg (vassveg, kraftverk, setjefiskanlegg og vassverk).

Det å bygge vassdragsanlegg fører til naturinngrep. For at inngrepa skal få ein best mogleg utforming har NVE laga eigne faktaark kalla *God praksis*, som omtalar viktige forhold under arbeidet og i istandsettingsfasen. Denne serien fekk to nye ark i 2016 om omløpsventilar i kraftverk og vegetasjonsetablering etter terrenginngrep.

To vassdraganlegg vart etterprøvd med konkret måling av slepp av minstevassføring. Målingane til NVE synte at det var feil i den teoretiske kapasitetsberekninga i arrangementet som skulle syte for at krava i konsesjonen vart etterlevd. Ingen av desse avvika hadde blitt avdekt med ein revisjon eller med ein stadleg inspeksjon. Dette er urovekkande, og viser

at uhilda kontrollmålingar er heilt naudsynt for å sikre seg at konsesjonskrava om slepp av minstevassføring blir etterlevd. Dette er imidlertid svært ressurskrevjande. NVE vil følgje opp dette vidare.

Miljøtilsynet kontrollerer kvar veke innrapportert vasstand for om lag 500 reguleringsmagasin. I tillegg kjem oppfølginga av innrapporterte meldingar frå allmenta. Slike meldingar blir følgt opp som skrivebordskontroll. Desse skrivebordskontrollane er ein effektiv måte å kontrollere verksemder på. I 2016 vart det gjennomført 17 slike kontrollar basert på opplysningar frå andre parter. Felles for desse er at det er situasjonar som er oppfatta å vere i konflikt med vilkåra i konsesjonen. Ein gjennomgang av saka viser at det nokon gongar er eit ulovleg forhold som NVE følgjer opp med reaksjon, men det kan også vere situasjonar som ikkje er brot på vedtak, konsesjon eller lov. Uavhengig av utfall av saka, er slike opplysningar særskilt viktige for NVE sitt tilsyn. Skrivebordskontroll gjer NVE i stand til å gå i djupna på ein annan måte enn revisjonar og stadlege inspeksjonar. Ressursbruken er dessutan meir effektiv.

I tillegg til kontrollaktivitetane er det i alt gjort 174 vedtak om godkjenning av detaljplanar for miljø og landskap, og 959 enkeltvedtak i form av godkjenningar eller avslag på søknadar knytt til damtryggleik. Dette er ein nedgang frå 2015 og skuldast i stor grad mindre byggeaktivitet då interessa for å byggje nye vasskraftverk har gått vesentleg ned etter 2015. Sakshandsaming av slike planer har eit klårt kontrollelement, ettersom NVE kontrollerer at dei planlagte tiltaka er i tråd med regelverket eller gitte konsesjonar. NVEs oppfølging i planleggings- og byggefasen gjev tett kontakt med utbyggerane, noko som ofte har effekt ut over det einskilde prosjektet.

Elsertifikatordninga som utvida tilsynsreiskap

Innføringa av ordninga med elsertifikat

har gitt vassdragsmyndigheita eit reiskap for å sjå til at kraftverk er bygd og drifta etter vilkår gitt i konsesjonar eller i fritak frå konsesjonshandsaming. Opplysningane om kraftverk som har søkt om elsertifikat er sjekka mot data Statnett har på maksimal produksjon og dei opplysningane NVE sit på.

NVE har ei utvida rutine knytt til vurdering av søknadar om elsertifikat. Denne er utarbeida for å avdekke om kraftverk er bygd etter vilkår gitt i konsesjonar eller i vedtak om at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig. Avvika går i dei fleste tilfelle på at anlegget har ein installert effekt som overskrid det som vart presentert i søknaden og som låg til grunn for at tiltakshavaren fekk konsesjon, eller at NVE fatta vedtak om at tiltaket ikkje var konsesjonspliktig.

I 2016 har NVE kontrollert om lag 250 kraftverk. Av desse vart 8 kraftverk ikkje godkjent for elsertifikatordninga. Dei er seinare følgt opp av konsesjonsavdelinga og det er vurdert om dei skal ileggjast ein reaksjon for ulovleg drift.

2.2 Energiforsyning

Kategorien energiforsyning spenner vidt, tematisk sett. NVE har hatt omlag same omfanget på tilsynet som tidlegare år, og det er framleis ein god del avvik. Innanfor energianlegg er det stor byggeaktivitet, både på kraftleidningar og vindkraft. Dette er omfattande prosjekt som krev tett oppfølging i byggefasen. Tilsyn i byggefasen er høgt prioritert.

NVE har gjennomført 104 revisjonar innan det vide saksfeltet «energiforsyning» i 2016. Nokre verksemder vart revidert på fleire område. Talet på revisjonar er på same nivå som i 2015. I tillegg er det gjort vel 50 inspeksjonar av anlegg under bygging.



Mastebilde frå Austefjorden

Førebyggjande tryggleik, beredskap og rasjonering

Samfunnet har stadig høgare forventningar om forsyningstryggleik. IKT-tryggleik er ein stor del av dette, og IKT-tryggleik blir endå viktigare for kraftforsyninga i framtida. NVE har i 2016 gjennomført 4 stadlege tilsyn med IKT-tryggleik. IKT-tryggleik er eit tilleggstema i dei fleste revisjonane NVE gjennomfører hos selskapa.

Hos fleire av verksemdene NVE har ført tilsyn med, er det registrert ein mangelfull systematisk tilnærming til tryggleiks- og beredskapsarbeidet. Dette viser at det er naudsynt å halde fram med å fokusere på ROS-analysar, heilskapleg dokumentert beredskapsplanverk og beredskapsarbeid.

Når det gjeld reparasjonsberedskap, førte krav frå NVE i 2015 til at eigarane av sjøkabelanlegga gjekk saman om eit felles lager for reservekabel og anna naudsynt materiell. Tilsyn i 2016 har avdekka andre svake sider ved reparasjonsberedskapen, det gjeld m.a. mangelfulle transportplanar for tunge komponentar.

NVE har i 2016 utført revisjonar knytt til fire nettselskap sine rasjoneringsplanar. Funna syner også i år at det er manglande formalisering av samarbeidet med andre aktørar. Alle revisjonane har resultert i avvik knytt til alle selskapa sine planar for gjennomføring av sonevis roterande utkoplingar. Dette er ein svært viktig del av beredskap for kraftrasjonering. Det er framleis behov for forsterka innsats med informasjon, opplæring og tilsyn. I første halvdel av 2017 vil det difor fokuserast meir på rettleiing enn på tilsyn på dette området.

NVE har gjennomført revisjonar ved seks fjernvarmeselskap. I år som i fjor viser NVEs kontroll at verksemdene i hovudsak har god driftskontroll, påliteleg energilevering og eit

systematisk vedlikehald.

Merksemnda om beredskapsarbeidet og prioriteringa av dette arbeidet er stadig aukande i bransjen. Verksemdar som har hatt tilsyn, viser eit positivt engasjement og forståing for beredskapsarbeidet.

Regionale kraftsystemutgreiingar

NVE har utført kontroll av alle dei 17 regionale kraftsystemutgreiingane som vart innlevert i 2016. Det vart avdekka 29 avvik, noko som er ein kraftig nedgang samanlikna med dei 90 avvika som vart avdekka i 2014. I 2017 vil NVE ha vidare fokus på rettleiing og oppfølging av dei regionale utgreiingsansvarlege for å heve kvaliteten ytterlegare.

Miljøkrav til energianlegg

Gjennom godkjenning av miljø-, transport- og anleggsplanar følgjer NVE opp at krav knytt til miljø og landskap blir følgt ved bygging av kraftleidningar og vindkraftanlegg. Talet på godkjente planar var om lag dobbelt så mange som i 2015. Inspeksjonar i byggefasen med fokus på miljø viser at det ofte oppstår situasjonar som ikkje har vore avklart i planlegginga.

Det vart gjennomført over dobbelt så mange inspeksjonar i 2016 samanlikna med 2015 (46 mot 19). Det er naudsynt å kontrollere på staden at krav i planen blir følgt opp. Denne store auken er ein konsekvens av at mange konsesjonærar no har beslutta å realisere anlegga. Dette gjeld særskilt vindkraft. Eit fellestrekk ved desse utbyggingane er at dei skal utførast på kort tid. 2016 har vist at tilsyn og oppfølging av store vindkraftanlegg krev betydelege ressursar for å sjå til at anlegga blir etablert i tråd med konsesjonen og godkjente planar.

Systemansvar

I 2016 vart utøvinga av systemansvar knytt

til driftsplanlegging og operativ drift følgt opp. Mellom anna gjaldt det nytt krav i systemansvarskonsesjon om informasjon til NVE og aktørar knytt til endringar i praktisering av systemansvaret, og systemdrifts- og marknadsutvikling. NVE fann ikkje grunnlag for reaksjonar, men for naudsynt transparens med utøvinga av systemansvaret vil NVE vurdere endring av systemansvarsforskrifta.

Kraftmarknad

I 2016 var det fokus på Nord Pool som marknads plass sitt back-up-system for prissetting i tilfelle utfall av internett. Nord Pool gav NVE ei sårbarheits- og risikoanalyse knytt til kommunikasjonsløyningar i samband med prissetting. Nord Pool si marknadsovervaking vart også vurdert. Løysinga for intradaghandel på NorNed vart vidareført. NVE si vurdering var at Nord Pool såg ut til å ha god kontroll på rutineane omkring prissetting og for handelsløyninga for intradag. Det vart også vurdert om utanlandshandel knytt til om utlandskablane utnyttast til samfunnets beste og om den planlagde Tysklands-kabelen NordLink framleis er lønnsam.

Nettverksemd

Kontroll av nettselskap si nøytralitet i forhold til kraftleverandørar kan tyde på at verksemdar med felles eigar har insentiv til å kople saman nett og kraftleveransar. Det kan også tyde på at dei vertikalt integrerte aktørane sin kraftleverandør ikkje har den same interessa som den integrerte aktøren med nettverksemd i å vere nøytral. Kontroll av kraftleverandørar i sluttbrukarmarknaden si plikt til å la sertifikatkostnader vere ein intern del av kraftprisen tyder på ei betring i etterlevinga av regelverket.

NVE handsamar klagar mellom kundar og nettselskap knytt til tariffing for nettenester og anleggsbidrag. Talet på sakar med usemje

mellom kundar og nettselskap ligg på same nivå som tidlegare år og klagar har fått medhald i om lag halvparten av klagane. Ved revisjonar har talet på avdekte brot for kvart selskap ikkje vore høgare dei siste 10 åra. Noko som følgjer av at regelverket tolkast strengare, men også fordi det kontrollerast meir detaljert.

I alle revisjonane av leveringskvalitet vart det avdekt avvik i rutinar og system for registrering og rapportering av avbrotsdata, mellom anna for manglande registrering av ikkje målt forbruk og provisorisk straumforsyning. Mange av avvika gjaldt nettselskapa sine rutinar for å kalibrere måleutstyr for mellom anna spenningskvalitet. Nokon hadde som ikkje rapporterte avbrot i lågspenningsnettet og nokon ikkje spenningskvalitet.

Det viktigaste underlaget for tilsynsarbeidet med omsyn til nettverksemda si inntekt er årleg økonomisk og teknisk rapportering til NVE (eRapp).

Tilsynet gjeld også at omsettingskonsesjonærar med produksjon og/eller omsetting overheldt si rapporteringsplikt i eRapp. Nokon mindre av desse leverte etter fristen, etter ei påminning følgt opp med reaksjonar. Kontroll viser at 39 nettselskap mangla ein plan for handtering av meir-/mindreinntekta, som skal styrast mot null over tid. NVE meiner talet er høgt.

Sju nettselskap fekk auka mindreinntekta som følgje av minimumsavkastning, lågare enn null prosent over dei siste fem åra. Nokre av desse er det planlangt revisjon hos i 2017.

Avdekte avvik frå kontroll ved innleving av eRapp sank med om lag ti prosent frå 685 i 2015. Det vart ikkje funne forhold av vesentleg betyding. I samband med revisjonar sank talet på avvik per selskap til om lag 5 mot 8 i fjor, samla til 38 mot 63.

Avvik gjeld ofte dei same forhold selskapa

i mellom. I 2016 heldt NVE seminar for omsetningskonsesjonærar, med rettleiing med vekt på områda som er observert har flest utfordringar. Sjølv om rapporteringa er noko betra vil seminara med rettleiing helde fram. NVE held også seminar for to av dei største revisorselskapa, med fokus på deira rolle knytt til rapporteringa. NVE tek sikte på tilby det same for dei andre aktuelle revisjonsselskapa i 2017.

Talet på avvik tydar på moglegheit for betringar. I lys av at det meste ikkje har store økonomiske verknadar og med omtanke på omfang og detaljgrad som krevjast, er NVE samla sett rimeleg tilfreds med rapporteringa i eRapp.

2.3 Energimerking og energibruk


Dette feltet har vore prega av at nytt EU-regelverk er implementert i norsk rett. Dette har teke mykje ressursar dei siste åra. Vi er no i ein fase der merksemda i større grad blir retta mot korleis aktørane etterlever krava. Hovudintrykket er at det er mange avvik, og at NVE må arbeide parallelt med informasjon og tilsyn framover.

NVE gjennomførte eit internt prosjekt i 2015 kor ulike modellar for organisering og gjennomføring av tilsyn innan energimerking av og energibruk i bygningar og produkt vart vurdert. NVE har i 2016 i eiga tilsynsprosjekt vidareført arbeidet med å systematisere tilsynsaktivitetane knytt til dette feltet. Målet med arbeidet har vore å etablere gode metodar og verktøy for eit effektivt tilsyn. NVE har blant anna gått systematisk gjennom malar for kontrollrapportar og andre dokument, og vil arbeide vidare med dette i 2017. Blant anna planleggast ein eigen database for dette tilsynsområdet.

NVE har i 2016 tilknytt seg fagleg bistand for å gjere kontrollar. For bygg har Norconsult

kontrollert eit utval på 40 yrkesbygg med energiattest for å sjå korleis reglane for energimerking av bygg og energivurdering av tekniske anlegg var følgt. Av kontrollutvalet vil 55 % av bygningane få varsel om retting og vurdering av tvangsmulkt. Dette er ikkje eit tilfredsstillande resultat, og viser behovet for eit effektivt tilsyn.

For å gjennomføre kontrollar med energibrukande produkt har NVE i 2016 knytt seg til Nemko. Nemko har vore til stades i åtte butikkar i Oslo-regionen. Dei har kontrollert elleve internettbuikkar, og sju reklamemateriell. Til saman vart det kontrollert nær to tusen produkt (lyspærer, vaskemaskiner, støvsugarar og fjernsyn) med tanke på om energimerkeetikett og produktdatablad er til stades, og om dei er korrekt utforma og plassert. Det er gjort ei rekke funn som kan tyde på avvik etter forordningane. Funna er knytt til at etiketten og/eller produktdatablad inneheld feil informasjon, har feil format eller er plassert feil. NVE vurderer at det er behov for meir informasjon til bransjen, særleg kva gjeld produkt. NVE vil i 2017 prioritere tilsyn ut frå behov for informasjon.



Hemne kraftlag

3. Dynamikken i samspelet mellom ulike kontrollmetodar

I dette kapitlet vil vi gå nærare inn på korleis kontrollar går inn i eit samspel med andre verkemidlar for å oppnå ønska effekt av reguleringa. Det er den samla effekten av verkemidla som avgjer kor effektiv og målretta reguleringa på eit fagområde er.

Litt forenkla kan ein sjå på hovudformålet med tilsynet, det å sikre at aktørane etterlever krav i regelverk og vedtak, som del av ein reguleringsprosess. Første ledd i denne prosessen vil vere avdekking av eit behov eller eit mål ein søker å oppnå. Det er det fleire moglege retningar ein då kan gå, frå økonomiske insentiv til direkte krav i regelverk. Uavhengig av type regulering vil det vere behov for rettleiing for å sikre ei felles forståing av reguleringa. Rettleiing av aktuelle aktørar er også eit viktig virkemiddel for å oppnå målsetnaden, då ein har mulighet til å nå ut til alle aktuelle aktørar. Tilsyn kjem som ein prosess i reguleringsprosessen og sikrar at krava blir etterlevd både direkte, ved at kontrollerte aktørar får direkte tilbakemelding for deira etterleving av krav, og indirekte ved at aktørar som ikkje er kontrollerte er klar over at det gjennomførast kontrollar og at dei også kan få tilsyn. Samstundes gjev tilsyn informasjon om tilstanden på områda og som innspel til utviklinga av reguleringa.


Tilsynet har såleis også viktige funksjonar utover å kontrollere enkeltaktørar si oppfylling av krav. I tillegg til å vere siste ledd i ein regelverksutviklingsprosess, vil tilsynet i stor grad vere med som grunnlag i ulike fasar av den same prosessen. Gjennom tilsyn får forvaltninga viktig kunnskap om status og utviklinga i bransjen. Erfaringar frå tilsyn gir grunnlag for strategien som blir valt i framtidige tilsyn, gir ein peikepinn på forståinga av regelverket i bransjen, gir grunnlag for vurdering av om gjeldande regulering gir ønska effekt og vil kunne avdekke om behov og mål som ligg

til grunn for reguleringa har endra seg eller bør endrast. Kunnskapen frå tilsynet gir eit viktig grunnlag for vidareutvikling og forbetring av eksisterande regulering, men også for utvikling av regulering for å møte nye mål eller behov.

Erfaringar frå tilsyn kan føre til meir effektive framtidige tilsyn

Erfaringar frå tilsyn er med på å danne grunnlag for NVE sin strategi for framtidig tilsyn. Tilsynsverksemda i NVE skal dekke store fagområder og mange aktørar. For å kunne gjennomføre eit mest mulig effektivt tilsyn er det naudsynt å prioritere mellom både verksemdar som skal kontrollerast og kva tema tilsynet skal fokusere på. Ein del av grunnlaget for denne prioriteringa er tidligare tilsyn. Gjennom erfaringar frå tilsyn får NVE ein peikepinn på kva tema og områder av reguleringa som krev ekstra oppfølging. Dersom tilsyn ofte avdekkar avvik for eit krav kan det vere naudsynt å fokusere meir på dette kravet enn krav som synest å vere godt oppfylt av dei fleste eller alle aktørar. For eksempel vart det i 2014 gjennomført eit omfattande tilsyn med kraftsystemutgreiingane for regionalnettet. Det viste seg i dette tilsynet at mange av dei mest alvorlige avvika som var avdekka var knytt til same tema. På bakgrunn av dette funnet vart det i 2016 gjennomført eit mindre omfattande tilsyn med hovudfokus på dette temaet.

Erfaringar brukast også for å vurdere kva kontrollmetode det vil vere effektivt å nytte. I



Samspel mellom tilsyn og andre delar av ein reguleringsprosess

mange tilfelle kan det komme klart fram at ein type kontroll eignar seg betre enn ein annan. For eksempel vil ein uanmeldt inspeksjon vere den klart beste måten å kontrollere om krav om minstevassføring er etterlevd. I andre tilfelle kan det vere meir uklart kva som vil vere den mest effektive metoden for kontroll. Det kan vere at fleire kontrollmetodar eignar seg for å kontrollere eit gitt krav og at ein kombinasjon med for eksempel ei brei undersøking basert på spørjingsundersøking eit år og revisjon for enkelte aktørar neste år gir best effekt. Erfaringar frå tidlegare tilsyn for eit krav eller for tilsvarande krav på andre områder er difor viktig for å utvikle gode strategiar for framtidige tilsyn, og er noko av grunnlaget for utarbeidinga av NVE sin handlingsplan for tilsyn.

Kontroll bidrar til å avdekke manglande forståing av regelverket

Rettleiing er ein svært viktig del av premissane for tilsynet og for å skape ei felles forståing av regelverket. Ei god og tydeleg rettleiing vil i seg sjølv kunne føre til at krav stilt i regelverk blir etterlevd og måla med reguleringa blir nådd. Rettleiing er særleg viktig ved etablering av nytt eller endringar i eksisterande regelverk. Ein del av rettleiinga si funksjon er å forenkle og forklare krava som er gitt i lover, forskrifter og vedtak. Dette saman med tydelig kommunikasjon av nye krav er særleg viktig der reguleringa inkluderer «nye» aktørar og der aktørar må helde seg til mykje forskjellig regelverk. EU-regelverk som Norge tar inn i si lovgiving, for eksempel krav til økodesign og energimerker er eksempel på tilfelle der NVE har stort fokus på god rettleiing

og informasjon om nye krav.

Også etablert regelverk har behov for oppdatert og kontinuerleg rettleiing. Dette viser seg stadig både gjennom kontroll og direkte førespurnadar til NVE. Kontroll kan avdekke differansar mellom myndigheitene sine forventningar til aktørane og aktørane si forståing av kva kravet betyr, noko som indikerer at det er naudsynt å vurdere om dagens rettleiing er tilstrekkeleg. I nokon tilfelle er det naudsynt med særskilt rettleiing for enkelte tema, utover det som går fram av rettleiingsmateriale.

Ei effektiv form for rettleiing kan vere å bygge opp forståinga av kva krava inneberer og auke fagkunnskap gjennom seminar og fagdagar. Dette gjer NVE i dag på fleire områder. I forbindelse med krav til kraftsystemutgreiingar blir det årleg gjennomført seminar eller kontaktmøter med dei som er ansvarlige for kraftsystemutgreiingane. Desse møta er meint både å auke fagkompetansen på området og å synleggjere NVE sine forventningar til utgreiingane. Også innanfor damsikkerheitsfeltet er det faste kurs og møter der innhaldet i regelverket er tema. Elmarkedsstilsynet gjennomførte i 2016 og vil også i 2017 ha rettleiingsseminar på bakgrunn av at det var observert avvik for same forhold som gjekk igjen for ulike selskap og over fleire år. Slike seminar får gode tilbakemeldingar frå bransjen, og vil kunne gi god effekt ved å gi ein systematisk oppfrisking av forventningar til gjeldande krav eller til nytt regelverk. Dette er ein metode for rettleiing som og kan vere aktuelt for fleire andre tema framover.

Erfaringar frå tilsyn gir grunnlag for vurdering av om ønska effekt blir nådd

Tilsyn er i første rekke ein kontroll av om aktørar i bransjen oppfyller krava som er satt til dei i regelverk eller konsesjonar. Det blir til dømes sett viktige miljøkrav knytt til bygging av vassdrags- og energianlegg, og utan desse krava vil anlegga ikkje kunne byggast. Tilsyn vil avdekke

om utbyggjarane følgjer opp krava og om dei har tilsikta effekt. Samtidig kontrollerer NVE også om krav som er satt til aktørane oppnår tilsikta effekt på ein rasjonell måte. Erfaringar frå tilsyn er ein viktig del av denne vurderinga. Ved innføring av nye krav er det særleg viktig å gjere ei vurdering av om nytten av pålegg er større enn ulempene i form av ressursinnsats og utgifter som desse medfører. I 2013 vart det innført ei ny forskrift med detaljerte krav til innhaldet i kraftsystemutgreiingane. NVE gjennomførte eit større tilsyn med dei første kraftsystemutgreiingane etter at dei nye krava trådde i kraft. Erfaringane var ein svært viktig del av evalueringa av dei nye krava og kva som skal vere gjeldande praksis. I dette tilfellet vart praktisering av regelverket for enkelte krav justert noko for å søke å redusere byrden for dei utgreiingsansvarlige selskapa. Erfaringar av kontrollar har også vore ei viktig kjelde til forskriftsendringar på området.

Utover evaluering av om nytt regelverk faktisk oppnår den effekten som er formålet med den, er erfaringar frå tilsyn også viktig for å vurdere effekten av etablert regelverk. Endringar i bransjen kan føre til at eit krav ikkje lenger gir tilsikta effekt eller at behovet ikkje lenger er til stades, og det er difor naudsynt å tilpasse regelverket slik at målsetjingane framleis blir nådd. Til dømes fører endringar i bruken av IKT-løysingar i energisektoren no til at NVE gjer eit større arbeid med vurderinga av eksisterande regelverk for beredskap for å sikre at målsetjingane for beredskapsområdet også blir nådd med dagens utvikling. Tidligare tilsyn gir NVE kunnskap om tilhøva og utviklinga i bransjen som er ein viktig del av grunnlaget for vidare utvikling av reguleringa.

Tilsyn gir kunnskap som er naudsynt for å vurdere mål og behov for sektoren

Kunnskap om tilhøve og utvikling i ein sektor er også naudsynt for NVE si rolle som sektormyndigheit og fagleg rådgjevar for OED og andre myndigheiter. Tilsyn gir grunnlag for å vurdere tilstanden innanfor eit fagområde eller eit kon-

kret tema. Tilsyn er og ei viktig kjelde til realitetsorientering i forhold til måla og behovet for styringa av ein sektor. Gjennom tilsyn kan ein få informasjon om at eit behov har endra seg eller at eksisterande mål ikkje lenger er hensiktsmessige, men også om det er andre behov eller mål som bør dekkast.

Eit eksempel er ordninga med lokale energiutgreiingar. Dette var eit regelverk som skulle dekke kommunane sitt behov for informasjon om energisituasjonen, slik at kommunane kunne utarbeide gode energi- og miljøplanar. Etter ti år

med denne ordninga viste det seg at behovet for oppdateringar ikkje lenger var tilstrekkeleg for å forsvare kostnadane ved dette kravet. Ordninga med lokale energiutgreiingar vart difor avvikla i 2015.

NVE fører eit aktivt tilsyn innanfor eit breitt spekter av tema. Kor mykje tilsyn som vert ført og kor mykje det er behov for å føre varierer mellom områda. Vår oppfatning er at tilsyn er effektivt for å avdekke tilhøva i vår sektor og at tilsyn eit naudsynt supplement for å oppnå ei vellukka og treffande regulering.



Laksetrapp i Vetlefjordelva

4. Ulike reaksjonar ved brot

Tilsyn avdekkar avvik. NVE nyttar reaksjonar aktivt for å lukke desse avvika.

Det er i 2016 varsla om lag 210 reaksjonar og gjort om lag 120 vedtak om bruk av reaksjonar.

NVE har heimlar til å gjere vedtak om retting, tvangsmulkt, lovbrotsgebyr og tilbaketrekking av konsesjon. I tillegg kan vi melde føretak og enkeltpersonar for brot på lovverket. Heile spekteret er nytta i 2016.

NVE sine reaksjonsmidlar er hovudsakleg heimla i energilova, vassressurslova og vassdragsreguleringslova. Når det gjeld tilsyn med energimerking og miljøvennleg utforming av produkt er dette heimla i høvesvis forbrukermerkelova og produktkontrolllova.

I 2016 var det varsla 211 reaksjonar og gjort 117 vedtak om bruk av reaksjonar. Begge tala er mykje lågare enn i 2015. Nedgangen

er ein konsekvens av at det i 2016 ikkje vart gjennomført særskilte aksjonar mot ei stor gruppe av verksemder. To selskap er meldt til politiet.

Mange av dei sakene som NVE har til handsaming tar lang tid. Difor vil eit varsel om reaksjon eit år ikkje alltid bli følgt opp med eit vedtak om reaksjon det same året, men bli følgt opp i det neste året.

Reaksjonar i 2016	
Varsel om stans	1
Vedtak om stans	1
Varsel om retting	136
Vedtak om retting	63
Varsel om tvangsmulkt	70
Vedtak om tvangsmulkt	49
Varsel om lovbrotsgebyr	4
Vedtak om lovbrotsgebyr	4
Melding til politiet	2

4.1 Retting og tvangsmulkt

Dei fleste vedtaka om retting i 2016 gjaldt teknisk og økonomisk regulering og manglande rapportering av opplysningar knytt til vassdragsanlegg. I 2016 vart 460 eigarar av vassdragsanlegg bedne om å oppdatere opplysningar om personell og gjennomført overvaking av anlegga deira. NVE fatta vedtak om retting til 21 eigarar som ikkje heldt fristen for rapportering. Dei andre vedtaka er knytt til innsending av dokumentasjon for godkjenning av tekniske planar og anna oppfølging av anleggseigarane.

Vedtak om tvangsmulkt er i 2016 i hovudsak nytta til energibruk og energikostandar. Det er eit krav at opplysningar om dette skal sendast til Statistisk sentralbyrå. Når det ikkje blir gjort, følgjer NVE opp med rettmessig reaksjonsbruk.

4.2 Lovbrottsgebyr

NVE har gjort fire vedtak om lovbrottsgebyr for brot på vassressurslova. Alle desse sakene gjeld brot på krav i konsesjonen.

Eit vasskraftanlegg fekk kr 100 000 i lovbrottsgebyr for manglande slepp av minstevassføring i eit nasjonalt laksevassdrag. Brotet skjedde på vinterstid og førte til midlertidig reduksjon i vassføringa. Føretaket klaga ikkje på vedtaket.

Eit vasskraftanlegg fekk kr 1 500 000 i lovbrottsgebyr for manglande slepp av minstevassføring i om lag 30 år. Brotet skuldast manglande kontroll av arrangement for slepp av minstevassføring. Om ei kontrollmåling av vassføringa gjennom arrangement hadde blitt gjort då kraftverket vart sett i drift, ville ein oppdaga at den teoretiske utrekninga ikkje stemde. Føretaket klaga ikkje på vedtaket.

Eit vasskraftanlegg fekk kr 300 000 i lovbrottsgebyr for brot på manøvreringa av eit reguleringsmagasin. Grunna dårlege rutinar vart magasinet tappa under lågaste tillatne regulerte vasstand i nær ein månad. Det var få miljøkonsekvensar og det var inga økonomisk vinning av brotet. Føretaket klaga ikkje på vedtaket.

Eit settefiskanlegg fekk kr 3 750 000 i lovbrottsgebyr for brot på kravet til slepp av minstevassføring og for å ha tappa eit reguleringsmagasin under lågaste tillatne regulerte vasstand. Dette uttaket av vatnet vart nytta til å produsere meir fisk enn det dei kunne under normale høve. Verksemda vart slått konkurs vinteren etter at lovbrottsgebyret var varsla. NVE meinte at saka skulle følgast opp trass i at verksemda gjekk konkurs. Difor vart vedtaket om lovbrottsgebyr sendt konkursbuett. Ein ny aktør har kjøpt anlegget. Vedtaket om lovbrottsgebyret vil bli vurdert når alle fordringane i konkursbuett skal gjerast opp i 2017.

4.3 Meldingar til politiet

I 2016 har NVE meldt to verksemder til politiet for brot på vilkår i konsesjonen. I det eine tilfellet hadde konsesjonæren gjennom om lag 30 år sleppt mindre vatn enn det som var kravet til minstevassføring. Politiet fann ikkje grunn til å undersøkje om det var eit straffbart forhold og avslutta saka. NVE følgde opp denne avgjerda med eit vedtak om lovbrottsgebyr. Verksemda klaga ikkje på dette vedtaket.

Den andre meldinga er ikkje avslutta og blir difor ikkje nærare omtalt.

4.4 Erfaring med reaksjonsbruk

Generelt registrerer vi at for alle reaksjonstypar blir det gjort fleire varslar enn vedtak. Det betyr at varselet i seg sjølv kan ha den verknaden som er ønska. Det kan og bety at varselet fører til kommentarar som syner at det ikkje er rett å fatte vedtak. Dernest erfarer vi at tvangsmulkt sjeldan er trådd i kraft sjølv om det er fatta vedtak. I slike høve forstår tiltakshavar at det er meir gunstig å rette det lovause forholdet enn å la vere å gjere noko og måtte betale for det.

Det er interessant å konstatere at ingen av vedtaka om lovbrottsgebyr i 2016 har blitt påklaga. Det kan tyde på at vedtaka ikkje oppfattast å vere urimelege. NVE tolkar dette som at tilsynsorganet gir ei rimelig god grunngjeving for å gi lovbrottsgebyr, og at utmålinga av lovbrottsgebyret er høveleg.

Det er ikkje uvanleg at lovbrottsgebyr blir påklaga. I 2013 vart det gjeve lovbrottsgebyr til eit nettselskap for brot på krav om nøytral opptreden i kraftmarknaden.

I samband med at ein kraftleverandør hadde sagt opp avtalen om fellesfakturering med nettselskapet, oppfordra nettselskapet

nettkundane ivia nformasjonsbrev om å kontakte nettselskapet eller sjå deira nettside dersom dei fortsatt ønska fellesfakturering. Nettselskapet viste ikkje til eiga nøytrale nettside, men til nettsida der den integrerte kraftleverandøren opptrer og som var den einaste som tilbød fellesfakturering med nettselskapet.

Det vart vurdert at nettselskapet favoriserte og ga den integrerte kraftleverandøren eit konkurransefortrinn. NVE meinte at nettselskapet hadde utvist forsett, alternativt var svært lite aktsamt, og sette gebyret til kr 600 000.

Olje og energidepartementet (OED) meinte at nettselskapet handterte saka kritikkverdig, men fann det ikkje dokumentert at handlinga vart gjort for å gi den integrerte verksemda konkurransefortrinn. OED fann at det var svært lite aktsamt ikkje å etterfølgje regelverket på eit så sentralt område som nøytralitet, og fatta avgjerd i saka i 2016 og sette gebyret til kr 400 000.


Vurdering av tidlegare meldingar til politiet

NVE kan melde om brot på vassdrags- og energilovgjevinga til politiet. I 2000 kom ei ny

vassressurslov. Sidan 2000 har NVE berre meldt saker knytt til vassdragslovgjevinga. I alt er 13 verksemdar blitt meldt til politiet etter 2000. Dette er eit tal som gjer det mogleg å vurdere resultatet mot to enkle kriterier. Årstalet for når meldinga vart sendt er eit av dei. Dette er interessant då årstalet vil kunne syne om det har blitt ein strengare reaksjon over tid. Det andre kriteriet er talet på sider i meldinga. Talet viser innsatsen vår i tidleg fase. Talet seier ikkje noko om kor alvorleg brotet er.

Meldingar til politiet er jamt fordelt i perioden, sjølv om dei synast å fordele seg i tre grupper (Fig. 1). Materialet syner at meldingane NVE sender til politiet har blitt større og meir omfattande med åra. Statistisk analyse viser at årstalet aleine forklarar heile 64 % av variasjonen i sidetal i meldingane.

Den generelle utviklinga i samfunnet dei seinare åra har vist ein aukande omtanke for miljøet. Miljøkriminalitet rammar som regel fellesgoda meir enn det einskilde mennesket. ØKOKRIM har sagt at denne type kriminalitet er med på å svekke jordas livsgrunnlag, samstundes som den reduserer moglegheita til å ha kontroll med forvaltning av naturressursane i framtida. Fokus på miljøkriminalitet har difor vore aukande og perioden 2000-2016 er ikkje noko unntak. Ein



Figur 1. Utviklinga av volumet på meldingar til politiet frå NVE etter 2000. Meldingane er basert på brot på vassdragslovgjevinga

naturleg konsekvens av dette vil vere at brot på krav som gjeld miljøet skal reagerast på.


Ei melding har to moglege utfall, enten henlegging eller dom/førelegg. Det er ei melding som per dags dato ikkje er ferdigbehandla. Av dei resterande 12 meldingane er fire henlagt, og åtte meldingar har resultert i dom eller førelegg. Meldinga frå 2015 vart henlagt då politiet vurderte at meldinga skulle ha blitt gjort tidlegare, og at saka dermed vart vurdert å vere forelda. Politiet har gitt signal om at dei ønskjer fleire meldingar på området om miljøkriminalitet. NVE har følgd opp dette, men er noko uroa over at dei tre siste meldingane som er avslutta har endt med henlegging. To av desse er følgd opp med lovbrotsgebyr.

Det er ingen indikasjonar på at brot på vassdragslovgjevinga har blitt reagert strengare på gjennom perioden. Snarare viser data at det er enkelthendingar som markerer seg (Fig. 2). Dei to største reaksjonane målt i kroner vart gitt til verksemdar som produserer settefisk for akvakulturformål. Dei tok mykje meir vatn frå vassdraget enn dei hadde konsesjon til. Den tredje høgste reaksjonen vart ilagt eit vasskraftanlegg for manglande sikring med den konsekvens at to kanopadlarar omkom. Dei resterande fem sakene gjeld manglande etterleving av krav i konsesjonen til slepp av

minstevassføring eller for stort uttak av vatn. Felles for desse fem er at brotet førte til betre inntening for verksemda.

NVE har fagkunnskap som ikkje politiet har. Ei stor og omfattande melding vil difor ofte vere mykje meir detaljert i dokumentasjon og vurderingar enn ei stutt melding. Det er difor grunn til å tru at ei omfattande melding vil leggje mindre beslag på politiets ressursar enn ei stutt melding. Politiet har mange saker dei skal handtere. NVE vil difor tru at ei godt opplyst sak som er på mange sider, lettare skal føre til reaksjon enn ei sak som er omtala i korte ordelag. Det er likevel ingen indikasjon i dette datasettet som syner at talet på sidene i meldinga har hatt nokon betydning for utfallet i saka. Dei tre sakene som vart lagt bort, er over heile skalaen over talet på sider i meldinga.

Denne gjennomgangen av meldingar til politiet har gitt oss nokre viktige erfaringar. For det første har dei fleste meldingane endt i dom eller førelegg. Det syner at brota er så alvorlege at politiet er rette instans til å vurdere saka. For det andre er NVE noko uroa over at dei fleste henleggingane er av ny dato. NVE kan ikkje gje noko klart svar på kva dette tyder på, men vil følgje med på utviklinga.



Figur 2. Samanhengen mellom når ei melding har funne stad og resultatet av meldinga. Raude punkt er saker som er lagt bort. Svarte punkt er meldingar som har resultert i dom/førelegg



Dam Kjølavatn i Telemark

5. Gjennomgang av dei ulike tilsynsområda

5.1 Tryggleiken ved dammar og andre vassdragsanlegg

Tema for tilsyn

Blant damtilsynet sine oppgåver er kontroll av at

- tekniske planar oppfyller krav til tryggleik gitt i forskrift og konsesjonsvilkår
- nybyggingar/fornyningar skjer forskriftsmessig/etter godkjente planar
- revurderingar (sikkerheitsvurderingar) gjennomførast og følgast opp.
- den ansvarlege (anleggseigar) oppfyller krav til organisasjon og kvalifikasjonar og til interntilsyn, sette i drift og drift av anlegg.
- anleggseigarane har eit fungerande internkontrollsystem for å ivareta krava til tryggleik.

Aktivitet

Talet på revisjonar av verksemder var 11 (mot 9 i 2015). Av reviderte verksemder var sju av dei kraftselskap, tre kommunar og ei reguleringsforening.

Fem av revisjonane hadde beredskap som fokus. Ein revisjon omhandla anlegg under bygging, medan resten tok føre seg den generelle internkontrollen. Alle utanom ei av revisjonane var hos eigarar av vassdragsanlegg i dei to høgaste konsekvensklassane.

Det vart gjennomført 268 inspeksjonar av dammar og 29 inspeksjonar av vassvegar under bygging, ombygging og drift (mot totalt 327 inspeksjonar i 2015). 84 av inspeksjonane vart gjennomført på anlegg i dei høgaste

konsekvensklassene.

I tillegg er det gjennomført innrapportering om personell og tilsyn av alle eigarar av vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1-4.

Dameigarar har plikt til å melde frå til NVE ved ulukker og uønska hendingar på dammar og vassvegar i konsekvensklasse 1-4. NVE har i 2016 fått melding om i alt 21 slike hendingar, i tillegg til tre hendingar som fell utanfor meldeplikta. Av dei 21 hendingane var 12 knytt til dammar og ni til vassvegar. Ni hendingar var så alvorlege at dei er kategorisert som ulukker; fire knytt til dammar og fem til vassvegar. Dei 21 hendingane er nærare omtala i «Rapporterte hendelser og ulykker på vassdragsanlegg 2016», der anlegg og ansvarlege/eigarar er anonymisert. Rapporten er å finne på NVE sine nettsider. Føremålet med å samanstillе hendingane i ein slik rapport er å førebygge at liknande hendingar skjer på nytt. Ved å informere om hendingane kan andre eigarar og rådgivarar ta lærdom. Oversikta er også ein del av grunnlaget for NVE sine prioriteringar i gjennomføring av tilsyn og for utvikling av regelverket. NVE si oppfølging av hendingane er ut over dette avhengig av kor alvorlege dei har vore.

I alt har damtilsynet sitt arbeid resultert i 959 enkeltvedtak i form av godkjenningar eller avslag på søknadar, pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt.

Resultat

Det vart til saman avdekka 20 avvik og 25 merknader under revisjonane.

Åtte av dei elleve verksemdene hadde avvik

knytt til beredskapsplaner og gjennomføring av øvingar. Andre avvik var manglande kvalifikasjonar hos personell, at anlegg ikkje var klassifisert eller revurdert, manglar ved driftsprosedyrar eller IK-systemet og manglar knytt til overvaking. Det vart registrert avvik ved åtte av revisjonane.

Vurdering

Talet på avvik i forhold til talet på reviderte verksemdar er minkande samanlikna med åra før, mens talet på merknader er stabile.

NVE har følgd opp revisjonane ved at det er sett fristar for lukking av avvika med påfølgjande tilbagemelding til NVE.

Frå kontrollverksemda er det gitt 31 varsel om retting, 36 vedtak om retting og 34 varsel om tvangsmulkt. Det vart ikkje vedtatt tvangsmulkt i 2016, noko som kan forklarast med ei tettare oppfølging av eigarar med årleg plikt om rapportering etter damsikkerheitsforskrifta.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for damsikkerheit.

Heimel

Vassressurslova kap. 11-13, vassdragsregulerings-lova § 12 post 19, damsikkerheitsforskrifta kap. 9, IK-vassdrag, konsesjonar.

Tilsynsgrunnlag

Vassressurslova §§ 5, 37-40 og 54, damsikkerheitsforskrifta, IK-vassdrag, konsesjonar.

5.2 Miljøkrav ved bygging og drift av vassdragsanlegg

Tema for tilsyn

Miljøtilsynet har som oppgåve i tilknytning til

vassdragsanlegg (vasskraftverk, settefiskanlegg, vassverk og andre tiltak i vassdrag) å

- godkjenne og følge opp detaljplanar for vassdragsanlegg
- kontrollere at utbyggingar har blitt gjort i samsvar med godkjente planar
- kontrollere at konsesjonærene held seg innanfor tillatne rammer i driftsfasen
- kontrollere at eigarar av vassdragsanlegg har og etterlever eit internkontrollsystem
- kontrollere at kraftverk som er fritekne frå konsesjonshandsaming, blir bygde og drifta i samsvar med føresetnadene for fritaket
- gi pålegg om hydrologiske undersøkingar, følgje opp at dei blir stetta, og vedtak om å flytte og legge ned målestasjonar.

Aktivitet

Det er i alt gjennomført 14 revisjonar av internkontrollsystem fordelt på 8 større vasskraftverk (>10 MW), 4 settefiskanlegg, og små vasskraftverk (<10 MW installert effekt). Alle revisjonane har hatt eit spissa fokus. For settefiskanlegg har det særskilt blitt lagt vekt på krav knytt til registreringar og avvikshandtering. For vasskraftverk var fokus retta mot minstevassføring, farar og problem knytt til anadrom fisk, massavlagring og flaumkapasitet.

I alt er det gjort 174 vedtak om godkjenning av detaljplanar for miljø og landskap, inkludert planendringar. Desse planane fordeler seg slik: 159 planar for vasskraftanlegg, 9 planar for setjefiskanlegg og 6 planar for vassverk. I alt er 17 planar for biotoptiltak i vassdrag godkjende.

Miljøtilsynet kontrollerer kvar veke innrapportert vasstand for ca. 500 reguleringsmagasin (kalla «Norgesmagasinet»), og sjekkar om det er brot på vilkåra om høgaste og lågaste regulerte vasstand. I tillegg kjem oppfølging av innrapporterte meldingar frå publikum/allmenta om moglege brot på manøvreringsregelement.

Det er gjennomført 132 stadlege inspeksjonar

av anlegg med konsesjon. Av dei var 122 vasskraftanlegg, 7 setjefiskanlegg, 1 grusuttak, 1 vassverk og 1 bekkelukking. Det er gjennomført 1 inspeksjon av kraftverk som er friteke frå konsesjonshandsaming. Dei stadlege inspeksjonane av vasskraftanlegg var knytt til byggjefasen.

Det er gjennomført 17 kontrollar utan stadeigne inspeksjonar (skrivebordskontroll) basert på opplysingar frå allmenta, motteke informasjon frå verksemd og i samband med elsertifikatorninga. Kontroll av vasstanden i magasin (Norgesmagasinet) er ikkje medrekna her.

Det vart i 2016 godkjend to nye og 16 reviderte retningslinjer for hydrologiske undersøkingar. Retningslinjene er gjort tilgjengeleg på www.nve.no. Det førast tilsyn med dei nye retningslinjene frå 1. september 2017.

Det har blitt produsert rettleiingsmateriell av ulike sortar. To faktaark fins i serien *God praksis* som informerer om drift av omløpsventilar og terrenghandsaming og vegetasjonsetablering. Dei er å finne på www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/miljotilsyn/god-praksis/.

Resultat

Revisjonane av settefiskanlegga avdekte avvik hjå alle verksemdene og totalt vart det registrert 21 avvik og 6 merknader. Det var avvik på særskilte krav i konsesjonen. To verksemd manglar skriftlege rutinar, og ei verksemd kunne ikkje dokumentere at krav til vassforbruk og slepp av minstevassføring var i samsvar med krava. Fleire verksemd har ikkje ein klar definisjon av avvik og har difor dårlege rutinar for å sikre at krav i konsesjonen blir etterlevd.

Revisjonar av vasskraftanlegg vassverk avdekte 16 avvik og 24 merknader. Det var mange avvik knytt til manglande vurderingar farar og problemområder. Ved 3 av revisjonane vart det

ikkje avdekket avvik.

Det er gjennomført 3 revisjonar av kraftanlegg i nasjonale laksevassdrag og 2 kraftverk i sidevassdrag til nasjonale laksevassdrag. I desse revisjonane vart det avdekket totalt 8 avvik. Ingen av dei gjeld brot på konsesjonspålagde vilkår som slepp av minstevassføring eller regulering. Det er gitt avvik på manglande kartlegging av farar og problemområder, manglande arrangement for registrering/logging av pålagd minstevassføring og manglande skriftleg dokumentasjon på kapasitet på omløpsventil.

Det er gjennomført revisjon av fire kraftanlegg med fokus på opphoping av massar i regulerte vassdrag. I to av revisjonane vart det ikkje avdekket avvik. I dei to andre revisjonane vart det gitt avvik på mangelfull kartlegging av farar og problemområde.

Det er gjort vedtak om lovbrotsgebyr i fire saker og to verksemd er meldt til politiet. I alle sakene var det brot på manøvreringsreglementet. Vasskraftverk og settefiskanlegg er representerte i begge gruppene.

Vurdering

Aktiviteten i 2016 har vore annleis samanlikna med 2015. Størst skilnad er det i talet på stadlege inspeksjonar. Det har vore ein reduksjon på om lag 33 % i talet på stadlege inspeksjonar og om lag 25 % i talet på godkjende detaljplanar frå 2015 til 2016. Desse reduksjonane er hovudsakleg ei følgje av at det er mindre aktivitet på småkraft og oppgradering av eksisterande anlegg. Låge straumprisar stimulerer ikkje til nybygging, samstundes med at tidsvindauget for å kome på nett før 2020 og elsertifikat blir mindre.

Skrivebordskontrollar: Det har vore ein auke frå 4 til 17. Denne type kontroll gjer oss i stand til å gå i djupna på ein annan måte enn revisjonar og stadlege inspeksjonar. Ressursbruken er

dessutan meir effektiv.

Vasskraft: Alle revisjonsrapportane er tilgjengelege på NVE sine heimesider. Revisjonar og stadlege inspeksjonar av småkraftverk viser at det framleis er eit klart behov for kontroll av konsesjonærar. Det er alvorleg at verksemdar som har vore revidert fleire gongar framleis har brot på kravet i internkontrollforskrifta om skriftleg dokumentasjon. To konsesjonærar blei etterprøvd på slepp av minstevassføringa. Ved begge høve vart det sleppt mindre vatn enn det som er kravet i konsesjonen. Det vart dokumentert feil i teoretisk kapasitetsutrekning. Avvika ved desse to konsesjonæranne hadde ikkje vore mogleg å oppdage ved ein revisjon. Erfaringa frå dei stadlege inspeksjonane med fokus på arrangement for minstevasslepp viser at det er behov å følgje opp dette med bransjen for å komme fram til gode og driftssikre løysingar i åra som kjem.

Funn ved revisjon av anlegg i nasjonale laksevassdrag viser at det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til miljøverdiane i vassdraga. Masseavlagring i vassdrag kan over tid svekke flaumkapasitet. Tilsyn med anlegg i utsette vassdrag viser at to av fire anlegg ikkje har tilstrekkeleg oversikt over endringane og planer for tiltak.

Ved kontroll av «Noregsmagasinet» vart det ikkje avdekket at lågaste regulerte vasstand vart overskriden i 2016. Det var nokre tilfelle der høgaste regulerte vasstand vart overskriden i periodar som skuldast flaum i vassdraget.

Akvakultur: Revisjonane viser at det er avvik på særskilte krav i konsesjonen. Dette syner at stadlege revisjonar og inspeksjonar er naudsynt. NVE varsla hausten 2008 auka tilsyn med akvakultur næringa. Sjølv om tilsynsverksemda i fleire år har vore høg, avdekte revisjonen og inspeksjonar i 2016 framleis behov for kontroll av verksemdene.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for

miljøtilsyn.

Heimel

Vassressurslova kap. 11–13, vassdragsreguleringslova § 12 post 19, § 25, IK-vassdrag.

Tilsynsgrunnlag

Vassressurslova §§ 5, 8, 10, 41, 54, vassdragsreguleringslova § 12 postane 12 og 13, IK-vassdrag, konsesjonar.

5.3 Kraftforsyningsberedskap

Tema for tilsyn

- Analyse av risiko og sårbarheit – sikker drift og vedlikehald ved ekstraordinære situasjonar, innhald i ROS-analysar og beredskapsplanar
- Reparasjonsberedskap – ressursar for oppretting av drifta og reparasjon av havarerte komponentar
- Sikring av anlegg – kontroll av fysiske sikringsstiltak og planane for vedlikehald og modernisering
- Tryggleik i store driftskontrollsystem
- Informasjonstryggleik

Aktivitet

Mange av tilsyna som har blitt gjennomført, har dekket krav i fleire forskrifter. Denne vurderinga omhandlar berre dei forhold som er knytt til beredskapsforskrifta.

Det er gjennomført totalt 44 revisjonar ved besøk hos det einstilte selskap der møte med leiinga i selskapet, gjennomgang av planverk og synfaringar av lokalar og sikringstiltak er vanlege aktivitetar. Ved enkelte typar tilsyn inngår også inspeksjon av anlegg.

NVE følgjer opp hendingar hos verksemdene, og i 2016 utløyste hendingar hos nesten 65 verksemdar oppfølging frå NVE si side. Dei

mest alvorlege hendingane har blitt følgt opp med utvida rapportering og møte med selskapa. I tillegg går både årsak til hendingar og kven dei rammar inn i planlegginga av vidare tilsynsarbeid.

Det vart gjennomført 21 skriftlege tilsyn med til saman 7 verksemder og 120 anlegg i 2016. Det skriftlege tilsynet omfatta sikringstiltak ved transformator- og kraftstasjonsanlegg i klasse 3. Det skriftlege tilsynet vil bli avslutta i 2017.

I 2016 har beredskapsseksjonen følgt opp kjent sårbarheit i kraftsystemet gjennom tilsyn med vedlikehald og reparasjonsberedskap for krafttransformatorar, både hos nettselskap og produsentar. Det har også vore særleg fokus på lynoverspenningar og jording.

IKT-tryggleik har fått stor merksemd i 2016. Det har vore gjennomført 4 stadlege tilsyn med IKT-tryggleik i 2016. IKT-tryggleik er også eit tilleggstema i dei fleste revisjonane NVE gjennomfører hos selskapa.

Resultat

189 avvik og 50 merknadar. Det er ikkje gitt varsel om tvangsmulkt i 2016.

Vurdering

Talet på funn understrekar behovet for vidare oppfølging av kraftforsyninga. Ut i frå ei vurdering av sårbarheita har nettverksemda høg prioritet.

NVE legg til grunn at IKT-tryggleik blir stadig viktigare for kraftforsyninga.

Tilsynet har avdekket svakheiter ved reparasjonsberedskap, som mangelfulle transportplaner for tunge komponentar i større selskap.

Hos fleire av verksemdene NVE har ført tilsyn med, er det registrert ei mangelfull systematisk tilnærming til sikkerheits- og

beredskapsarbeidet. Dette viser at det er naudsynt å halde fram med å fokusere på ROS-analysar, heilskapleg dokumentert beredskapsplanverk og beredskapsarbeid.

NVE registrerer at merksemda om, og prioriteringa av, beredskapsarbeidet er stadig aukande. Dette er viktig, mellom anna med tanke på utfordringane rundt dei stadig høgare forventningane om forsyningstryggleik i samfunnet. NVE opplever at verksemder som har hatt tilsyn, viser eit positivt engasjement og forståing for beredskapsarbeidet.

NVEs vurdering av dei hendingane som har vore, er at det er naudsynt å ha fokus på linjerydding. Det er også ei rekkje utfall og større og mindre hendingar som kan ha årsak i korleis jording/overspenningsvern er utført, og NVE vil følgje opp dette. I tillegg ser vi at det er svært lang reparasjonstid for SF6-anlegg, og vi vil følgje opp dette i tilsyn framover.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap.

Heimel

Energilova kap.10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, beredskapsforskrifta §§ 8-1 og 8-2.

Tilsynsgrunnlag

Energilova kap. 9, energilovforskrifta § 3-5 c, beredskapsforskrifta og enkeltvedtak om klassifisering av anlegg.

5.4 Overføringsanlegg – drift og vedlikehald

Tema for tilsyn

Tilsynet inneber kontroll av om konsesjonærane oppfyller plikta til å halde anlegga i

tilfredsstillande driftssikker stand ved å sørge for vedlikehald og modernisering som sikrar ein tilfredsstillande leveringskvalitet.

Aktivitet

Mange av kontrollane har blitt gjennomført med ein kombinasjon av fleire forskrifter. Denne vurderinga omhandlar berre dei forhold som er knytt til energilovforskrifta.

Det vart gjennomført 27 revisjonar hos nettselskap og kraftprodusentar. Tre tilsyn vart gjennomført saman med Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap - DSB. Ved desse tilsyna var temaet lynoverspenning og jording. Eitt tilsyn vart gjennomført saman med Nasjonal Kommunikasjonsmyndighet (NKOM).

Resultat

19 avvik og 14 merknadar.

Dei mest typiske funna var mangelfulle planer for og rutinar for vedlikehald og kontroll av anlegg.

Eit anna forhold som det vart gitt fleire merknadar til, var ufullstendig dokumentasjon og handsaming/oppfølging av avvik.

Vurdering

Generelt har NVE eit positivt inntrykk av selskapa si haldning til drift og vedlikehald av nett. NVE har i avgrensa grad hatt kontroll med distribusjonsnettet, utover at nokre av dei generelle spørsmåla om regional- og sentralnettet også har blitt stilt om distribusjonsnettet.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap.

Heimel

Energilova § 10-1, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 3-1, energilovforskrifta § 3-5 bokstav a.

5.5 Fjernvarmeanlegg

Tema for tilsyn

- Gyldige konsesjonar
- Vedlikehald - faktisk utført og planar
- Modernisering - faktisk utført og planar
- Påliteleg energilevering - feil og avbrot
- Analyse av risiko og sårbarheit – sikker drift og oppretting ved ekstraordinære situasjonar, innhald i ROS-analysar og beredskapsplanar
- Reparasjonsberedskap – ressursar for oppretting av drifta og reparasjon av havarerte komponentar
- Sikring av anlegg – kontroll av fysiske tryggingstiltak og planane for vedlikehald og bruk av dei
- Rutinar for drift og vedlikehald

Aktivitet

Det er gjennomført totalt 6 tilsyn ved besøk hos det einstilte selskapet (revisjon). Seksjonen fører tilsyn både med at konsesjonsvilkåra blir følgd (jf energilovforskrifta kap. 5) og relevante føresegner i beredskapsforskrifta. Vidare følgjer ein opp ei hending med omfattande konsekvensar (røyrbrot i Akersgata i Oslo).

Resultat

25 avvik og 17 merknadar.

Det er ikkje gitt varsel om tvangsmulkt i 2016.

Vurdering

Føretaka som NVE har besøkt, ser ut til å ha gode rutinar for å ta vare på ei påliteleg energilevering og eit systematisk vedlikehald.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

Tilsynsgrunnlag

Energilova kap. 5, energilovforskrifta kap. 5, beredskapsforskrifta kap. 2, 4, 5, 6 og 7 og konsesjonar.

5.6 Kraftsystemutgreiingar

Tema for tilsyn

17 regionale kraftsystemutgreiingar blir utarbeida annakvart år. NVE har kontrollert innhaldet av rapportane hausten 2016. Det var særleg fokus på forsyningssikkerheit og forventa investeringar.

Aktivitet

Kraftsystemutgreiingar for regionalnettet vart levert i juni 2016 og det vart utført kontroll av alle dei 17 regionale kraftsystemutgreiingar. Det var fokusert på energiutgreiingsforskrifta §13, femte og sjuande ledd. Gjennomgangen vart avslutta i november 2016.

Resultat

Det vart avdekket 29 avvik og 33 merknadar. Dette er ein kraftig nedgang i forhold til dei regionale kraftsystemutgreiingane i 2014, der det vart avdekket over 90 avvik. For 7 av rapportene vart det ikkje avdekket nokon avvik.

Vurdering

Dei fleste avvika var retta mot 7. ledd om forventa investeringar og forenkla samfunnsøkonomiske vurderingar. Det har vore ei kraftig forbetring sidan førre kontroll av rapportane, men NVE ser behov for fortsatt rettleiing på dette området. I 2017 vil det difor vere fokus på rettleiing og oppfølging av dei regionale utgreiingsansvarlege, for å heve kvaliteten ytterlegare til oppdateringa av dei regionale kraftsystemutgreiingane i 2018.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for kraftsystem.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, energiuttreiingsforskrifta kap. 5.

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 7-1, energilovforskrifta § 7-1, energiuttreiingsforskrifta kap. 3 og 4.

5.7 Rasjoneringsplanar

Tema for tilsyn

Krava om å ha utarbeidd ein rasjoneringsplan i samsvar med rasjoneringsforskrifta og vedtak 6. november 2006 "Innhold i planverket for kraftrasjoneringsplanar – Nytt vedtak".

Aktivitet

Seksjon for beredskap utfører tilsyn med rasjoneringsplanar på vegne av seksjon for kraftsystem. Dette er grunngeve i at tilsyn med rasjoneringsplanar med fordel kan sjåast i samanheng med tilsyn med anna beredskapsplanverk. Tilsynsaktiviteten for 2016 har vore 4 revisjonar og oppfølging av 2 revisjonar med rasjoneringsplanar som vart starta i 2015.

Resultat

Ved revisjonar i 2016 er det gitt 13 avvik og 6 merknader retta mot rasjoneringsplanar. Avvika omfatta blant anna manglar knytt til samarbeid med lokale myndigheiter og innehavarar av samfunnskritiske funksjonar.

Vurdering

Dei nettselskapa som har hatt tilsyn i 2016 har framvist rasjoneringsplanar der det er naudsynt å gjennomføre vesentlege forbetringar. Det er avdekt manglar på alle revisjonar knytt til formalisering av det viktige samarbeida med andre aktørar. Dette avviket er ein gjengangar

ved fleire tilsyn, og eit krevjande tema. Alle revisjonar i 2016 har og resultert i avvik knytt til selskapet sin plan for gjennomføring av sonevis roterande utkoplingar. Dette er ein svært viktig del av selskapa sin beredskap for kraftrasjonering.

Det er framleis behov for forsterka innsats med informasjon, opplæring og tilsyn. I første halvdel av 2017 vil det fokuserast meir på rettleiing enn på tilsyn på dette området. Det er likevel planar om å ta opp att tilsynsaktiviteten hausten 2017.

Utøvar av tilsynet

Tilsyn og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap, på vegne av Energiavdelinga, seksjon for kraftsystem.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, rasjoneringsforskrifta kap. 4.

Tilsynsgrunnlag

Energilova § -2, energilovforskrifta § 6-2, rasjoneringsforskrifta, NVE sitt vedtak av 6. november 2006 "Innhold i planverket for kraftrasjonering – Nytt vedtak".

5.8 Statnett si utøving av systemansvaret

Tema for tilsyn

Tilsynet omfattar at vilkåra i systemansvars-konsesjonen og systemansvarsforskrifta, i tillegg til dei andre føresegnene om systemansvaret i energilova og energilovforskrifta, blir følgde.

Aktivitet

NVE har i 2016 hatt kontinuerleg oppfølging av Statnett si utøving av systemansvaret.

NVE har vald ikkje å ha ein stor revisjon med utøving av systemansvaret i 2016. Det har blitt lagt vekt på kontinuerleg oppfølging i staden.

NVE har mellom anna følgd opp nytt krav i systemansvarskonsesjonen, om informasjon til NVE og til gjeldande aktørar om endringar i praktiseringa av systemansvaret.

I 2016 har NVE halde 4 oppfølgingsmøter, fordelt på to tema kor Statnett har gjort greie for driftsplanlegging og operativ drift, systemdrifts- og marknadsutvikling, og andre forhold som er relevant for utøvinga av systemansvaret. Møta med tema systemdrifts- og marknadsutvikling var nye i 2016, og vart innført for å kunne følgje opp marknadsutviklinga.

Resultat

Det vart ikkje avdekket nye avvik.

Vurdering

NVE har ikkje sett det naudsynt å følgje opp tilhøve med varsel og/eller vedtak i 2016.

For at NVE skal kunne føre effektivt tilsyn med systemansvarleg er det viktig at det er tilstrekkeleg transparens i Statnetts utøving av systemansvaret. Gjeldande regulering inneber at Statnett i fleire av sine avgjerder er unnateke krava i forvaltningslova til saksførebuing og klage, jf. systemansvarsforskrifta § 28. NVE har difor sett i gang arbeide med å vurdere behov for endringar i systemansvarsforskrifta. NVE utgreier mellom anna moglegheit for å innføre strengare krav til prosess for involvering av bransjen samt krav om at NVE skal godkjenne Statnett SF si praktisering av systemansvaret på enkelte område.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for regulering av nettenester.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3 og systemansvarsforskrifta §§ 25, 26 og 26 a.

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 6-1, energilovforskrifta § 6-1, systemansvarsforskrifta og konsesjonen for å utøve systemansvaret i det norske kraftsystemet.

5.9 Kraftmarknadsåtfærd

Tema for tilsyn

Tilsynet gjeld nettselskapa si nøytralitetsplikt og informasjonsplikt, rutinar for å overhalde nøytralitetsplikta, prising og praktisering av leveringspliktige kraftleveransar, utforming av nettleigefaktura, nøytralitet og informasjonsplikt på internett og overvakingsprogram for nøytralitet.

Frå 2015 har tilsynet også gjeldt publisering av nettspesifikk informasjon på den lokale kraftleverandøren sine nettsider.

Aktivitet

I 2016 vart det gjennomført kontroll med nettsidene til 110 norske nettselskap med integrerte kraftleverandørar. Fokus i tilsynet har vore på samanblanding av nett og kraftverksemd på nettsidene.

Det vart gjort tilsyn med kraftleverandørane sin presentasjon av pris på energisertifikat i dei same 110 selskapa, samt hos 8 leverandørar utan eigarmessig tilknytning til nettverksemd. I 6 tilfelle er facebook-sidene til dei største aktørane kontrollert.

Resultat

Tilsynet i 2016 viste 12 avvik fordelt på 5 selskap, der kraftleverandørane publiserer lenker til utvalde nettselskap på sine heimesider.

Tilsynet i 2016 viste 2 tilfelle av portalsider der netteigaren figurerer fleire gonger, mens NVE kun tillèt ein gong i si tolking av forskrifta.

Vurdering

Tilsynet i 2016 (som i 2015) avdekte ingen tilfelle av lenker frå nett- til kraftverksemd. Dette tyder på at internettsidene til nettselskapa, på dette området syner respekt for gjeldande regelverk og praksis, og at NVE sine tilsyn har synt seg å vere eit effektivt verkemiddel.

Tilsynet kan tyde at vertikalt integrerte aktørane sin kraftleverandør ikkje har den same interessa som den integrerte aktøren med nettverksemd i å vere nøytrale i kommunikasjonen med kundar. Dei 12 avvika vi har registrert i 2016, er alle initiert av kraftleverandøren i dei aktuelle verksemdene.

Nettsidene til aktørane i energimarknaden er prega av stor dynamikk, med hyppige endringar i både struktur, lenker og generell publisering. Det er framleis sterke insentiv hos verksemdar med felles eigar til å kople saman nett og kraftleveransar.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for sluttbrukarmarknaden.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 3-3, energilovforskrifta § 4-4 bokstav e, «Forskrift om kraftomsetning og nettjenester». §§ 2-1a, 7-2, 7-3, og 8-1, omsetningskonsesjonar, særleg vilkår 3.3, alternativt vilkår 3.6, og vilkår 4.1.

5.10 Marknads plass for kraftomsetning

Tema for tilsyn

Nord Pool AS har konsesjon for organisering

og drift av marknadsplass for handel med elektrisk energi for fysisk levering (marknadsplasskonsesjon). NVE fører tilsyn med at konsesjonæren rettar seg etter vilkåra i konsesjonen.

Tema for tilsyn var blant anna funksjonen til handelssystemet for intradaghandel, oppfølging etter øvelse Cyber.

Aktivitet

I 2016 hadde NVE to ordinære oppfølgingsmøter med Nord Pool. I det første møtet var fokus på Nord Pools back-up system for prissetting i tilfelle utfall av internett, ei oppfølging etter Øvelse Cyber.

Etter det første møtet med Nord Pool ba NVE om ei sårbarheits- og risikoanalyse knytt til kommunikasjonsløyningar i samband med prissetting. Nord Pool sende ei slik analyse til NVE.

I det andre møtet var fokus på intradagløyninga på NorNed. I etterkant av dette møtet tok NVE initiativ til møte mellom partane på norsk og nederlandsk side. I møte med den nederlandske myndigheita ACM, Nord Pool og motparten EPEX, vart det diskutert handelsløyninga for intradag på NorNed-kabelen. Statnett SF og TenneT var òg til stades.

I tillegg har NVE møter med Nord Pool gjennom Regulatory Council, som er dei nordiske og baltiske reguleringsmyndigheitene sitt organ, for oppfølging og informasjonsutveksling med marknadsplassen. Det var fire møter i Regulatory Council i 2016. Det var også to møter mellom Regulatory Council REMIT expert group og Nord Pool si marknadsovervaking.

Resultat

Møtet med ACM, Nord Pool og EPEX bidrog til å sikre at den daverande løyninga for intradaghandel på NorNed vart vidareført og at marknadsplassane ikkje utvikla nye og dyre løyningar for interimfasen fram til ei endeleg

løyning kjem i 2017/2018.

NVE avdekkja ingen tilhøve i 2016 som gjorde det naudsynt å sette i verk særskilte tiltak eller fatte vedtak ovanfor konsesjonæren.

Vurdering

NVEs vurdering var at Nord Pool såg ut til å ha god kontroll på oppfølginga av marknadskoplinga og handelssystemet for intradag.

NVE si vurdering var at Nord Pool oppfylte vilkåra i konsesjonen.

Utøver av tilsyn

Elmarknadstilsynet, seksjon for engrosmarknaden.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrift §§ 9-2 og 9-3.

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 4-5, energilovforskrift §§ 4-6 til 4-8, marknadsplasskonsesjonen.

5.11 Utanlandshandel

Tema for tilsyn

Statnett har konsesjon for tilrettelegging av kraftutveksling med andre nordiske land, med Russland og konsesjon for tilrettelegging av kraftutveksling med Nederland over NorNed. Statnett har dessutan fått konsesjonar for tilrettelegging av kraftutveksling mot England og Tyskland. NVE fører tilsyn med at konsesjonæren rettar seg etter vilkåra i utlandskonsesjonane.

Aktivitet

I 2016 hadde NVE to ordinære oppfølgingsmøter med Statnett som utlandskonsesjonær for



å følge opp at utlandskablane utnyttast til samfunnets beste.

I 2016 hadde NVE også tre særskilde møter med Statnett om NordLink, den planlagde kabelen til Tyskland. NVE innhenta informasjon og vurdering frå Statnett om NordLink framleis er lønnsam for samfunnet til trass i nokon endra forhold i den Tyske kraftmarknaden, mellom anna knytt til utbygging av nett.

I lag med ACM, den nederlandske myndigheita, hadde NVE i 2016 møte med Statnett og motparten Tennet om Nornedkabelen til Nederland, for å sikre at løysninga for handel med intradag vart vidareført. Dei to marknadsplassane Nord Pool og EPEX var også til stades.

Resultat

NVE har ikkje avdekt forhold der NVE har sett det naudsynt å følge opp med vedtak.

Vurdering

NVE si vurdering er at Statnett opptre i tråd med

vilkåra i utlandskonsesjonane.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for engrosmarknaden.

Heimel

Energilova kap.10, energilovsforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

Tilsynsgrunnlag

Energilova § 4-2, konsesjonar.

5.12 Tariffering/nettleige, anleggsbidrag og tilknytingsplikt

Tema for tilsyn

Tilsynet omfattar tariffering og anleggsbidrag.

Aktivitet

Det vart gjennomført 7 revisjonar i 2016. NVE er klageorgan, og handsamar tvistar mellom nettkundar og nettselskap om nettleige og vilkår for tilknytning til nettet. Seksjonen har fatta 29 vedtak i saker der vi har fått klage på nettselskapa si tariffing, krav om anleggsbidrag eller vilkår for tilknytning.

Resultat

Det vart til saman gjeve 44 avvik under dei 7 revisjonane. I snitt fekk kvart selskap 7,3 avvik. NVE har halde tilsyn innanfor same tema i mange år og har ikkje tidlegare hatt eit so høgt snitt. I tillegg har seksjonen handsama 29 klager knytt til tariffing og anleggsbidrag. Av dei fekk klagar medhald i 14 av sakene.

Vurdering

Talet på avvik per selskap har ikkje vore høgare sidan denne type tilsyn starta i 2007. Det kan vere fleire årsaker til dette. NVE har stramma inn praksis, slik at regelverket blir tolka strengare enn tidlegare og forvaltningspraksis har gått djupare inn i detaljane ved berekning av anleggsbidrag. Strengare krav inneber blant anna at selskapa no må ha skriftlege rutinar, noko som gjer det enklare for kundane å kontrollere at dei blir likebehandla med andre kundar. Skriftlege rutinar gjer det også lettare for NVE å kontrollere nettselskapet sin praksis og påpeike tilhøve som enten er i strid med eigne rutinar eller brot på regelverk.

NVE avdekte fleire brot på regelverket for berekning av anleggsbidrag hos alle dei kontrollerte selskapa. NVE fann også avvik knytt til berekning og informasjon om tariffar.

Talet på usemjesaker var på nivå med tidlegare år.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for regulering av nettenester.

Heimel

Energilova kap. 10, kontrollforskrifta §§ 18-1 og 18-1 a.

Tilsynsgrunnlag

Kontrollforskrifta del I, II og V.

5.13 Økonomisk og teknisk rapportering

Tema for tilsyn

Utfører tilsyn med den økonomiske og tekniske rapporteringa til NVE og SSB (eRapp) frå rapporteringspliktige omsetningskonsesjonærar, for verksemdsområda omsetting, produksjon og nettverksemd. For nettselskapa blir det ført utvida tilsyn med vekt på inntekter, kostnader samt økonomisk og teknisk informasjon om overføringsanlegg. Denne informasjonen ligg til grunn for den årlege fastsettinga av inntektsrammene og meir-/mindreinntekt for det einskilde nettselskapet.

Grunnlaget for tilsyna er økonomisk og teknisk rapportering til NVE og SSB (eRapp), og tekniske verdiar rapporterte i tekniske rapportar (TEK).

Årleg kontrollerast nettselskapa for mindre-avkastning, definert som gjennomsnittleg avkastning under 0 % over dei siste fem rekneskapsåra.

Kontroll av at alle nettselskapa har plan for handtering av meir-/mindreinntekt.

Aktivitet

Årleg ordinær kontroll av 342 selskap med produksjon, omsetting og/eller nettverksemd. Kontrollane gjeld samsvar for inntekter, kostnader, balanseverdiar m.m., mellom eRapp og selskapa sine offisielle årsrekneskap for rekneskapsåret 2015. Kontrollane skjer

automatisk og manuelt ved innlevering til NVE. Innleveringa til NVE inneheld revisor si stadfesting ved "Avtalte kontrollhandlingar" for rapporteringa i eRapp samt segmentinformasjon gitt i årsrekneskap. Avdekte uklare forhold, merknader eller avvik i rapporteringane blir retta opp av dei aktuelle selskapa. Kontrollen i 2016 omfatta 141 nettselskap (inkludert Statnett SF) og 201 selskap med berre produksjon og/eller omsetjing.

Kontroll av avkastning skjer årleg i samband med fastsetjing av meir-/mindreinntekt.

Kontroll av at alle nettselskapa har ein plan for handtering av meir-/mindreinntekt er gjort ved vurdering av innhenta plan frå selskapa. I 2016 heldt NVE fem heildagsseminar for selskap med nettverksemd om rapportering i eRapp, for 105 frivillig deltakara. Det vart halde revisjonar hos 7 nettselskap, der eit var Statnett SF, med kontroll av økonomiske og tekniske verdiar i eRapp og tekniske verdiar i TEK med hovudvekt på rekneskapsåret 2014.

Resultat

Årleg kontroll: 613 avvik og 14 merknader, fordelt på 140 nettselskap.

Revisjonar: 38 avvik og 11 merknader.

I samband med årleg kontroll er det gitt 20 varsel om tvangsmulkt for manglande innlevering av eRapp. Av desse fekk 6 vedtak om tvangsmulkt. I tilknytning til stadleg revisjon har det blitt gitt 2 varsel om tvangsmulkt.

Mindreavkastning: 7 selskap fekk auka mindreinntekt som følge av mindreavkastning. Plan for handtering av meir-/mindreinntekt: 39 selskap manglar ein plan, derav 17 har svært få kundar eller over tid ein saldo meir-/mindreinntekt rundt null. 12 selskap hadde mangelfull plan. 47 selskap fekk merknad til plan.

Vurdering

Den årlege kontrollen avdekte ingen særskilde

tilhøve. Dei 613 avvika og dei 14 merknadene gjeld i hovudsak feilpostering av økonomiske beløp og manglande informasjon. Fleire av avvika følgjer av kvarandre. Talet på avvik viser ein reduksjon på 10 % i 2016 samanlikna med 2015, sjølv om talet på kontrollpunkt vart auka og nokon endra. For enkelte kontrollpunkt er reduksjon i talet på avvik redusert mykje, medan for eit par har talet auka. Talet på avvik er jamt fordelt på dei ulike kontrollpunkta. NVE finn i hovudsak inga klar samanheng mellom avvik for same forhold hos same selskap samanlikna med 2015.

Ved revisjonar hos nettselskapa vart det funne avvik på enkelte område. Avvika gjaldt til dels feilføring av inntekter og kostnader på postar innanfor eit verksemdsområde eller mellom verksemdsområder i eRapp. Avvika gjeld også feil rapporterte tekniske verdiar for nettanlegg, manglande plan for handtering av meir-/mindreinntekt og dokumentasjon av fordelingsnøklar for felles kostnader og driftsmidlar. Dette førte til at selskapa måtte rapportere inn nye data, og/eller må endre rutiane før neste rapporteringsperiode. Merknadene kjem i hovudsak av mangelfulle rutinar for ajourhald av konsernavtaler, samsvar mellom ajourhald av økonomiske og tekniske anleggsregistre og revidering av fordelingsnøklar. Rapportering frå selskap som har hatt revisjonar har blitt noko betre. NVE finn at avdekte avvik både frå årleg kontroll og revisjonar oftast gjeld dei same forhold selskapa i mellom.

NVE finn at talet på manglande plan for meir-/mindreinntekt er høgt. Selskap som manglar eller har mangelfull plan får påbod om å rette forholdet.

Undersøking tydar at om lag 95 % av deltakerane var godt nøgde med seminarane. Over halvparten av deltakarane ønskjer slike seminar årleg, medan resten tykkjer det held med anna kvart år. NVE vil difor halde fram med seminar men i noko mindre omfang.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for økonomisk regulering.

Heimel

Energilova kap. 10, forskrift om kontroll av nettverksemd §§ 18-1 og 18-1a.

Tilsynsgrunnlag

Forskrift om kontroll av nettverksemd del I, II og IV.

5.14 Leveringskvalitet og feilanalyse

Tema for tilsyn

Kontroll av at konsesjonærar med inntektsramme oppfyller krav til leveringskvalitet, feilanalyse og statistikk. Kontrollane blir gjennomførte som revisjonar og kontroll av innrapporterte data for spenningskvalitet og avbrot. I tillegg kjem handsaming av klagesaker på leveringskvalitet.

Aktivitet

Det er gjennomført 6 revisjonar. Alle revisjonane handla om utvalde tema i leveringskvalitetsforskrifta kapittel 1, 2, 2A, 3 og 4, samt § 22 om feilanalyse og statistikk i systemansvarsforskrifta.

NVE gjennomførte i 2016 ein skriftleg kontroll av alle nettselskap. Tema for den skriftlege kontrollen var selskapas sakshandsaming ved misnøye med leveringskvaliteten. I samband med kontrollen gjorde NVE også ei innsamling av omfang av klagesaker hos nettselskapa.

Det er gjennomført kontroll av avbrotsdata og spenningskvalitetsdata for 2015 som er rapportert inn innan høvesvis 1. februar og 1. mars 2016.

NVE har fatta vedtak i ei klagesak på leveringskvalitet i 2016.

Resultat

Revisjonar:

23 avvik og 15 merknadar. Alle selskapa hadde eitt eller fleire avvik i rutinar og system for registrering og rapportering av avbrotsdata.

Skriftleg kontroll:

155 funn fordelt på 122 avvik. Mange av avvika gjaldt manglande rutinar for å kalibrere måleutstyr.

Kontroll av innrapporterte avbrotsdata for 2015:

5 selskap hadde ikkje rapportert avbrotsdata innan 1. mars, og fekk varsel om tvangsmulkt for rapportering. 9 selskap har rapportert null avbrot i lågspenningsnettet. 9 andre selskap måtte sende inn nye avbrotsdata etter kontroll. 21 selskap rapporterte ikkje data frå målingar av spenningskvalitet.

Vurdering

Revisjonar:

Alle tilsynsobjekta hadde avvik i rutinar eller system for registrering av avbrotsdata. Fleire av avvika gjekk på manglande registrering av ikkje målt forbruk og provisorisk strømforsyning. Avbrotsdata blir brukt i reguleringa av inntektsramme, og det er såleis viktig at kvaliteten på data som blir rapportert er god.

Skriftleg kontroll:

Den skriftlege kontrollen avdekkja at mange nettselskap ikkje kalibrerte måleutstyr for spenningskvalitet. Det er viktig at måleutstyret som nyttast til verifisering av spenningskvalitet måler korrekt. NVE er nøgd med at nettselskapa no kan dokumentere at måleutstyret er kalibrert.

Kontroll av innrapporterte avbrotsdata for 2015:

Krav til rapportering av spenningskvalitet og avbrot i lågspenningsnettet trådte i kraft 1.1.2014. Det er framleis nokre nettselskap som

ikkje har rapportert avbrot i lågspenningsnettet og/eller spenningskvalitetsmålingar.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for regulering av nettenester.

Heimel

Energilova § 10-1, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, leveringskvalitetsforskrifta § 5-1.

Tilsynsgrunnlag

Leveringskvalitetsforskrifta, systemansvarsforskrifta § 22.

5.15 Elsertifikat

Tema for tilsyn

- Kontroll av at kraftverk som har søkt om deltaking i ordninga med elsertifikat er bygd etter vilkår gitt i konsesjonar eller fritak frå konsesjon
- Prising av elsertifikatkostnadar til sluttbrukar
- Kontroll av elsertifikatpliktige
- Kontroll av kvartalsvis rapportering av berekningsrelevant volum

Aktivitet

Moglege avvik vart avdekkja i sakshandsaminga av søknadar om elsertifikat som har kome inn til NVE. Opplysingane om kraftverket vart sjekka mot mellom anna data Statnett har på kva maksimal produksjon er, for kraftverket. I tillegg er opplysingar om kraftverket sjekka ved at dei er bedt om å sende inn ulik dokumentasjon.

NVE fører kontroll av aktørar i elsertifikatmarknaden. Mellom anna blir det ført årleg kontroll av elsertifikatpliktige som innløysar elsertifikat. Desse blir sjekka i høve til om korrekt tal på elsertifikat vart annullert. I tillegg førast det kontroll om nettselskap

rapportera berekningsrelevant volum til registeransvarleg innan fristen kvart kvartal. Det er også blitt ført tilsyn med publisering av sertifikatkostnadar på leverandørane heimesider.

Resultat

I 2016 vart om lag 250 kraftverk kontrollert. Nærare 180 kraftverk inngår i den utvida overgangsordninga. Av desse vart 8 kraftverk ikkje godkjent. Avvika følgast opp av konsesjonsavdelinga og miljøtilsynet.

Det store talet på kontrollar i 2016 skuldast den utvida overgangsordninga som trådde i kraft 1.1.2016. Alle kraftverk som har søkt om rett til elsertifikat i den utvida ordninga har blitt sjekka av konsesjonsavdelinga.

Av 311 elsertifikatpliktige hadde til saman 3 elsertifikatpliktige ikkje annullert elsertifikat i samhøve med elsertifikatplikta. Desse vart påboda ei avgift for manglande annullering.

Av 110 leverandørar hadde to leverandørar publisert feil eller manglande informasjon om sertifikatkostnadar på sine heimesider.

Vurdering

Dei fleste nye kraftverk er bygd etter vilkår gitt i konsesjonar eller fritak frå konsesjon. NVE sitt arbeid med å handtere eventuelle avvik, samt oppdatere informasjonen NVE har om kraftverka, vil fortsette.

Hovuddelen av dei elsertifikatpliktige har annullert elsertifikat i samhøve med elsertifikatplikta og eit stort fleirtal av nettselskapa rapporterer innan fristen.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for verkemiddel og internasjonale rammer.
Konsesjonsavdelinga, seksjon for småkraftverk og seksjon for vassdragsinngrep.
Elmarknadstilsynet, seksjon for sluttbrukarmarknaden.

Heimel

Elsertifikatforskrifta § 30 jf § 9, samt lov/forskrift som danner grunnlag for relevant konsesjon/fritak frå konsesjon.

Elsertifikatforskrifta §§ 17 og 30, jf §§ 18, 20 og 24.

Tilsynsgrunnlag

Forskrift om elsertifikat § 30.

5.16 Prising av sertifikatkostnader i sluttbrukarmarknaden

Tema for tilsyn

Tilsynet gjeld plikta som kraftleverandørane har til å la kostnader til energisertifikat vere eit internt element i prisane på kraft. Det vil seie at kraftleverandørane ikkje kan operere med sertifikatkostnader som eit eige element i prisinformasjon og faktura.

Særleg gjeld dette prisar på produkta "spotkraft med påslag" og "kraft til innkjøpspris" – to produkt som har fått ein markant større del av omsetnaden til sluttbrukarar dei siste åra.

Aktivitet

Det er i 2016 gjort kontrollar av nettsidene til 110 norske kraftleverandørar med levering til sluttbrukarar. Dette utgjør per 01.01.2016 100 % av denne type aktørar i det norske kraftmarknaden.

Til samanlikning var tala 117 i 2015, 122 i 2014 og 94 i 2013. Målet med kontrollen er å sjå til at desse selskapa tilpassar seg kravet om å ta inn sertifikatkostnadane i påslaga sine.

Resultat

I samband med dei 110 kontrollane av internett-sidene vart det avdekka 2 avvik. Til samanlikning var tala 3 i 2015, 9 i 2014 og 22 i 2013.

Begge avvik er korrigert av aktørane i 2016.

Vurdering

Begge avvika dreier seg om at leverandøren har nytta elsertifikatkostnaden som eit eige eksplisitt påslag, det vil seie som eit tillegg til selskapet sitt andre påslag på kraftprisen i kontraktar som til dømes «spotkraft med påslag» eller «kraft til innkjøpspris».

Tilsynet med kraftleverandørane sin prising av elsertifikat viser svært få avvik i 2016, noko som kan tyde på at desse aktørane har akseptert NVE sine pålegg om prising i samsvar med gjeldande forskrift.

NVE vurderer talet på avvik som ei klar forbetring i forhold til resultatet frå tidlegare år.

Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for sluttbrukarmarknaden.

Heimel

Elsertifikatforskrifta § 23.

Tilsynsgrunnlag

Energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

5.17 Sikkerheit i avanserte måle- og styringssystem (AMS)

Tema for tilsyn

Føremålet med tilsynet er å sjå til at nettselskapa har etablert system og rutinar som i tilstrekkeleg grad hindrar at uvedkommande får tilgang til styrefunksjoner og at personalopplysningar ikkje blir misbrukt.

Aktivitet

Det er gjennomført 3 stadleg tilsyn i 2016. Berre eitt av dei 3 nettselskapa hadde fullført

installasjonen av AMS-målarar og ingen av selskapa hadde klargjort målarane for alle dei funksjonane som er nedfelte i forskrifta og som kan nyttiggjerast til ulike føremål. Inntil vidare vil difor desse AMS-tilsyna måtte bli førebelse sidan dei ikkje omfattar alle dei tenester og oppgåver AMS kan nyttast til.

Resultat

1 avvik og 9 merknader.

Vurdering

NVE sitt inntrykk er at nettselskapa er opptekne av å sikre AMS-systema mot misbruk. Samstundes er det NVE si forståing at sikkerheit knytt til IKT og vern om personopplysningar er eit nytt område for nettselskapa og at kunnskap og kompetanse om sikkerheitstiltak ikkje er utan manglar.

Utøvar av tilsynet

Energimarknadstilsynet, seksjon for sluttbrukarmarknaden saman med Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

Tilsynsgrunnlag

Avregningsforskriften § 4-2 e og g, samt beredskapsforskriften § 7-12.

5.18 Miljøtilsyn ved energianlegg

Tema for tilsyn

Miljøtilsynet si oppgåve i tilknytning til energianlegg er å:

- godkjenne og følge opp miljø-, transport- og anleggsplanar for energianlegg
- kontrollere at utbyggingane er gjorde i sam-

svar med godkjente planar

- kontrollere at konsesjonæra held seg innanfor tillatne rammer i driftsfasen

Aktivitet

Aktiviteten hos aktørane har auka sterkt samanlikna med tidlegare år. I alt er det gjort 68 vedtak om godkjenning av miljø-, transport- og anleggsplanar for energianlegg. Dei fordeler seg på kraftleidningar (37 planar), transformatorstasjonar (18 planar), vindkraftanlegg (11 planar) og fjernvarmeanlegg (2 planar). Det har i tillegg blitt gjort 14 planendringsvedtak.

Det er gjennomført 46 stadlege inspeksjonar av konsesjonsgjevne anlegg fordelt på 29 inspeksjonar av kraftleidningar, 6 inspeksjonar av transformatorstasjon og 11 inspeksjonar av vindkraftverk. Det har blitt gjennomført fem synfaringar i forbindelse med godkjenning av MTA.

Det er gjennomført to skrivebordskontrollar av anlegg med heimel i områdekonsesjon.

Det er gitt ut rettleiar om skogrydding i kraftlinetrasear, og utarbeiding av miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for vindkraftverk.

Resultat

I 2016 vart det gitt vedtak om stans for bygging av ei kraftleidning. Det vart også gitt varsel om pålegg om utbetring av terrenngrep for ei kraftleidning. Avvika vart retta utan vedtak om retting.

I ei sak bad NVE om at kraftleidning på ei kort strekning vart flytta i tråd med konsesjon. Tilsynet har og avdekket at ein kraftleidning er bygd utan konsesjon. I slike saker følgjer tilsynet opp med høveleg reaksjon.

Vurdering

Det har vore ein stor auke av tilsyn og plangodkjenningar av energianlegg i 2016 samanlikna med 2015. Auken er på om lag 40 % for inspeksjonar og om lag 75 % for planvedtak. Auken er ein konsekvens av stor aktivitet på feltet.

Stadlege inspeksjonar i byggjefasen av vindkraftverk og kraftleidningar har vist at det er varierende kvalitet på utført arbeid og eit klart behov for tilsyn med konsesjonærene. Oppfølginga består i hovudsak av rettleiing, handsaming av endringar og krav om utbetringar av anlegg som ikkje er bygd i medhald av godkjente planar. Tilsynsbehovet varierer sterkt. Store prosjekt i sentralnettet og vindkraftanlegg krev oppfølging i heile anleggsperioden, medan mindre anlegg inspiserast ved behov.

2016 har vist at tilsyn og oppfølging av store vindkraftanlegg krev betydelege ressursar for å sjå til at anlegga blir etablert i tråd med konsesjonen og godkjente planar. Desse anlegga legg beslag på store areal, og det er mange - og til dels store - anleggstekniske tilpassingar underveg. Samstundes er det stramme tidsfristar og økonomiske rammer knytt til realiseringa av anlegga.

For vindkraftanlegg er det vilkår om både detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan. Skilje mellom planen har vore krevjande for utbyggar og eksterne partar. Det har blitt samordna sakshandsamingsrutinar for vilkåra, og fleire utbyggarar held på med å lage eitt samla plandokument.

Erfaring tilseier at inspeksjonar er betre egna enn revisjonar for tilsyn med energianlegg. Då det ikkje er krav om internkontrollsystem for miljø, vil ein revisjon ikkje ha verknad i verksemda, ut over det konkrete prosjektet.

Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for miljøtilsyn.

Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

Tilsynsgrunnlag

Energilova §§ 3-1, 3-2 og 3-5, energilovforskrifta §§ 3-1 og 3-5 b og d, konsesjonar, miljø-, transport- og anleggsplanar.

5.19 Energimerking av bygningar og energivurdering av tekniske anlegg i bygningar

Tema for tilsyn

Energimerking av yrkesbygg og energivurdering av tekniske anlegg i yrkesbygg.

Aktivitet

Etter avtale med NVE har Norconsult i 2016 kontrollert eit utval på 40 yrkesbygg med energiattest for å sjå korleis reglane for energimerking av bygg og energivurdering av tekniske anlegg var følgd. Kontrollen vart avslutta i 2016, medan reaksjonar av ulike grunnar først blir gjennomført i 2017.

Arbeidet med reaksjonar har tatt tid dels fordi oppgåvene er overført til nye personar med behov for opplæring, og dels fordi det vart starta opp eit arbeid med å systematisere tilsynsaktivitetane og gjere dei straumlinjeforma og i samsvar med anna tilsynsarbeid i NVE. Målet med arbeidet har vore å etablere gode metodar og verktøy for eit effektivt tilsyn innanfor dette området. Dette har medført noko meirarbeid og tidsbruk no, men dette er forventa å gi gevinstar i framtida.

Resultat

Av utvalet på 40 bygningar var det 12 bygningar der alle pliktene etter forskrifta var følgd opp.



Energimerking av bygningar

For 6 bygningar vart det funne berre eit mindre avvik der NVE vil påpeike plikta til å følgje forskrifta samstundes som saka blir avslutta. Døme på mindre avvik kan vere at energiattesten ikkje er slått opp for brukarane av bygningen, eller historisk energibruk ikkje er oppgitt i energiattesten.

Eigarane av 22 bygningar vil få varsel om retting og vurdering av tvangsmulkt grunna fleire små avvik eller meir alvorlege avvik. Døme på dette kan vere manglande energivurdering av tekniske anlegg eller feil i inndata for berekningsmodellen som kan påverke energimerket. Eit anna døme kan vere at lekkasjetalet for ein bygning ikkje er målt, og at målt lekkasjetalet dermed ikkje er nytta ved berekning av oppnådd energikarakter A slik forskrifta fastset.

Vurdering

Av kontrollutvalet vil 55 % av bygningane få varsel om retting og vurdering av tvangsmulkt. Dette er ikkje eit tilfredsstillande resultat, og viser behovet for eit effektivt tilsyn. Tilsynsarbeidet i 2016 vil utgjere ei viktig røynsle for vidare kontroll- og tilsynsaktivitet.

Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for energibruk og teknologiar. Kontrollane vart utført av Norconsult, på oppdrag frå NVE.

Heimel

Energilova kap. 10, energimerkeforskrifta § 2.

Tilsynsgrunnlag

Energilova kap. 8, energimerkeforskr. kap. 2 og 3.

5.20 Energimerking av produkt

Tema for tilsyn

Gjennom tilsynet blir det kontrollert at kvitevarer og andre hushaldsapparat overheld dei krav som gjeld for energirelaterte produkt med omsyn til energimerkeetikett, produktdatablad og merking på internett.

Aktivitet

NVE har gjort eit betydeleg løft innanfor tilsyn på dette feltet i 2016. NVE har bl.a gått systematisk gjennom malar for kontrollrapportar og andre dokument, noko som har vore naudsynt for å gjennomføre kontrollar i butikk, på internett og reklamemateriell. For å gjennomføre kontrollar i eit større omfang har NVE i 2016 knytt seg til Nemko. Slik kan NVE gjere kontrollar med produkt i butikkar, nettbutikkar og reklamemateriell. Nemko har vore tilstade i åtte butikkar i Oslo-regionen. Dei har òg kontrollert 11 internettbutikkar, og sju reklamer. Til saman vart det kontrollert nær to tusen lyspærer, vaskemaskiner, støvsugarar og fjernsyn, sjå lista over dei kontrollerte produkta. Produkta er kontrollerte med tanke på om energimerkeetikett og produktdatablad er tilstade, og om dei er korrekt utforma og plassert.

Resultat

I forskrifta er det lagt vekt på at energimerket

skal vere synleg, gjenkjenneleg og innehalde nøkkelinformasjon slik at forbrukarane skal ha moglegheita til å legge vekt på blant anna energibruk når dei vel produkt.

Det er gjort ei rekke funn som kan tyde på avvik etter forordningane og regelverket. Funna er knytt til at etiketten og/eller produktdatablad inneheld feil informasjon, har feil format eller er plassert gale.

NVE vil i starten av 2017 vurdere funna og gjere reaksjonar.

Vurdering

Kontrollane viser:

Butikkar:

Brev utsendt i forkant av vitjinga har stor effekt på innehavarens fokus rundt energimerkinga i tilknytning til kontrollen.

I butikkar er det store forskjellar i kunnskapsnivå. Enkelte butikkansvarlige gir tydelige instruksjer til sine tilsette og dette gir seg utslag i få avvik. Desse butikkane har ofte ei sunn endringsvilje. I andre butikkar har dei ansvarlege lite detaljkunnskap om ordninga og dette gir seg utslag i mange feil. Her er også endringsvilja langt mindre.

NVE vurderer derfor at butikk kontrollar har stor effekt på innehavaranes vilje til å gjennomføre energimerking.

Kontrollerte produkt	butikk	nettbutikk	reklame	sum
Lyspærer		419		419
Vaskemaskiner	185	366	32	583
Støvsugarar	149	110	13	272
Fjernsyn	386	226	39	651
sum	720	1121	84	1925

Nettbutikker:

Kontrollar i 2016 har vist at det er svært tidkrevjande å kontrollere nettbutikker. Nettbutikkane inneheld mange produkt og det er mange klikk som skal til for å ha vore gjennom alle sidene. Nokre innehavarar av nettbutikker har god kjennskap til krava og har sett nytte av at nettsida byggjast opp for å plassere elektronisk energietikett og elektronisk produktdatablad etter regelverket. Andre har ei meir tilfeldig tilnærming til krava, og det blir da eit mangfald av avvik.

Reklame:

Vaskemaskiner blir vanlegvis vist slik krava i forordninga seier. Derimot har reklame for TV og støvsugarar sjeldan angitt energiklasse. Det er tydelig at kunnskapsnivå om krava i forordningane er lite kjent.

Oppsummert:

NVE vurderer at det er behov for meir informasjon til bransjen. NVE vil i 2017 prioritere tilsyn ut frå behov for informasjon.

Utøvar av tilsynet

Tilsynet vart utført av energiavdelinga, i prosjekt for tilsyn i E. Ansvarlig er seksjon for virkemidler og internasjonale rammer.


Kontrollar av butikk, nettbutikk og reklame var utført av Nemko AS, på oppdrag frå NVE.

Heimel

Lov om merking av forbruksvarer § 6.

Tilsynsgrunnlag

Lov om merking av forbruksvarer § 3.
Energimerkeforskrifta for produkt.



Døme på energietikett for oppvaskmaskin



Ikkje eit heilt vanleg syn. Reindsyra slapper av i reguleringssona i Møsvatn juni 2015

6. Omgrepa avvik og merknader

Avvik

Avgjerande for tilsynsverksemda til NVE er kva som skal kontrollerast, og kva det eventuelt skal reagerast mot. NVE definerer omgrepet avvik på følgjande måte:

“Avvik er brudd på krav gitt i regelverk og tillatelser gitt i eller i medhold av energi- og vassdragslovgivningen og eventuell annen lovgivning NVE forvalter.”

NVE kontrollerer altså krav som myndighetene har sett i lover og forskrifter og ved enkeltvedtak, men ikkje krav verksemdene har sett til seg sjølve.

Ved eit tilsyn ser ikkje NVE det som eit mål å framstille ei sak slik at det blir flest mogleg avvik. Vi vil for eksempel ikkje seie at det er to avvik sjølv om eitt funn er i strid med fleire forskrifter, som for eksempel der eit selskap bryt både dei generelle føresegnene om nøytralitetsplikt for nettselskap i energilovforskrifta, og dei detaljerte reglane om nøytralitet i avrekningsforskrifta. På den andre sida vil brot på fleire føresegner i ei og same forskrift resultere i fleire avvik.

Det er også verdt å merke seg at det ikkje treng å vere nokon samanheng mellom talet på avvik og alvorret i saka. For eksempel kan det vere meir alvorleg at eit selskap får eitt avvik knytt til at selskapet ikkje har etablert eit system for internkontroll for vassdragstiltak, enn at eit anna selskap får tre avvik knytt til ulike manglar i det eksisterande internkontrollsystemet.

Merknad

I ein del saker kjem NVE i tilsynsverksemda si over forhold som ikkje er brot på myndigheitskrav, men som NVE meiner verksemda bør gjerast merksam på, og ta stilling til om dei skal gjere noko med. NVE definerer omgrepet merknader på følgjande måte:

“Anmerkning er en påpekning av forhold med forbedringsmulighet eller et forhold som bør vurderes nærmere av virksomheten, men som ikke er brudd på krav gitt i eller i medhold av energi- og vassdragslovgivningen.”

Føremålet med å gje merknader er å bidra til forbetringar i verksemda til selskapa. Bruk av merknader er avgrensa til påpeikingar av forhold som på sikt kan føre til avvik. NVE bruker ikkje merknader ved vurderingar av om eit selskap bør få reaksjonar.

7. Heimlar og tilsynsgrunnlag 2016

Vassdrag

Vassdragsreguleringslova

LOV 1917-12-14 nr. 17: Lov om vassdragsreguleringer

Vassressurslova

LOV 2000-11-24 nr. 82: Lov om vassdrag og grunnvann

Damsikkerhetsforskrifta

FOR 2009-12-18 nr. 1600: Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg

IK-vassdrag

FOR 2003-02-21 nr. 199: Forskrift om internkontroll for å oppfylle lov om vassdrag og grunnvann

Energiforsyning

Energilova

LOV 1990-06-29 nr. 50: Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.

Energilovforskrifta

FOR 2015-05-04 nr. 429 Forskrift om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.

Kontrollforskrifta

FOR 1999-03-11 nr. 302: Forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffer

Endret med: FOR 2015-12-04 nr. 1408

Avrekningsforskrifta

FOR 1999 03-11 nr. 301: Forskrift om måling, avregning og samordnet opptreden ved kraftomsetning og fakturering av netjtjenester

Endret med: FOR 2015-06-12 nr. 705

Rasjoneringsforskrifta

FOR-2001-12-17 nr. 1421: Forskrift om planlegging og gjennomføring av rekvisisjon av kraft og tvangsmessige leveringsinnskrenkninger ved rasjonering

Systemansvarsforskrifta

FOR 2002-05-07 nr. 448: Forskrift om systemansvaret i kraftsystemet

Beredskapsforskrifta

FOR 2002-12-07 nr. 1157: Forskrift om forebyggende sikkerhet i energiforsyningen

Energiutgreiingsforskrifta

FOR 2002-12-16 nr. 1607: Forskrift om energiutredninger

Endret med: FOR 2012-12-07 nr. 1158.

Leveringskvalitetsforskrifta

FOR 2004-11-30 nr. 1557: Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet

Elsertifikatlova

LOV-2011-06-24 nr. 39: Lov om elsertifikater

Elsertifikatforskrifta

FOR-2011-12-16 nr. 1398: Forskrift om elsertifikater

Forskrift om opphavsgarantiar for kraft

FOR-2007-12-14 nr. 1652: Forskrift om opprinnelsesgarantier for produksjon av elektrisk energi

Naturgasslova

LOV-2002-06-28 nr. 61: Lov om felles regler for det indre marked for naturgass

Naturgassforskrifta

FOR-2003-11-14 nr. 1342: Forskrift til lov om felles regler for det indre marked for naturgass

Rapporteringsplikt for kraftleveringsavtaler

FOR 2015-03-09 nr. 184: Forskrift om rapporteringsplikt for kraftleveringsavtaler

Energimerking og energibruk

Lov om merking av forbruksvarer

LOV 1981-12-18 nr. 90: Lov om merking av forbruksvarer mv.

Merking av husholdsapparat

FOR 1996-01-10 nr. 16: Forskrift om angivelse av husholdningsapparaters energi- og ressursbruk ved hjelp av merking og standardiserte vareopplysninger og diverse gjennomføringsforskrifter for de ulike husholdsapparater

Energimerkeforskrifta

FOR 2009-12-18 nr.1665: Forskrift om energimerking av bygninger og energivurdering av tekniske anlegg

Produktkontrollova

LOV-1976-06-11 nr. 79 Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester

Økodesignforskrifta

FOR-2011-02-23 nr. 190 Forskrift om miljøvennlig utforming av energirelaterte produkter

Energimerkeforskrifta for produkt

FOR-2013-05-27 nr 534: Forskrift om energimerking av energirelaterte produkter (energimerkeforskriften for produkter)

I tillegg kjem konsesjonar og andre enkeltvedtak som er gitt i det regelverket NVE forvaltar, og avtalane om å fremje effektiv bruk av energi i energiintensiv industri.



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Telefon: 09575
Internett: www.nve.no

